

# Olav Helge Angell



DIAKONHJEMMET HØGSKOLE

RAPPORT 2011/6

*Sjømannskyrkja som lågterskeltilbod: heim, organisasjon og institusjon med diakonal forankring*



# **Olav Helge Angell**

**Sjømannskyrkja som lågterskeltilbod: heim,  
organisasjon og institusjon med diakonal forankring**



Diakonhjemmet Høgskole

**Denne rapporten er utgitt av**

Diakonhjemmet Høgskole

Postboks 184, Vinderen

N-0319 Oslo

<http://www.diaconhjemmet.no>

Rapport: 2011/6

ISBN: 978-82-8048-109-2

ISSN: 1891-2753

Elektronisk distribusjon:

Diakonhjemmet Høgskole

**Omslag**

Aud Gloppen, Blæst Design

**Opphavsrettigheter**

Forfatteren har opphavsrettighetene til rapporten.

Nedlasting for privat bruk er tillatt.

Mangfoldiggjøring, videresalg av deler eller hele rapporten er ikke tillatt uten avtale med forfatterne eller Kopinor.

## Innhald

Føreord .....	1
1. Innleiing .....	2
Bakgrunn .....	2
Oppdraget .....	3
Tidlegare forskning .....	5
2. Teoretiske perspektiv og normative utgangspunkt .....	6
3. Metode og materiale .....	11
Feltarbeid .....	11
Dokumentanalyse .....	13
Presentasjon av funna .....	14
4. Når kyrkja vert synleg og folk tek imot det dei ser: Sjømannskyrkja og verdidokumentet i teori og praksis .....	15
Å vera frikopla og open – og å verta motteken .....	15
Ein organisasjon kjenneteikna av romsleg gjestevensskap .....	17
Ein kyrkjeleg, kulturell og sosial møtestad for landsmenn i utlandet .....	18
Ein ressurs i krisesituasjonar, i nettverksbygging og relasjonsrådgjeving .....	20
Ei oppsøkjande, tenande og medvandrande kyrkje .....	20
Ein brubyggjar mellom nordmenn ute og omgjevnadane .....	21
5. Sjømannskyrkja som diakonal organisasjon: organisasjon, leiing og diakonal praksis ...	24
Rekruttering og personalforvaltning .....	25
Staben og gjestemiljøet .....	27
Dei frivillige og gjestemiljøet .....	31
Litt om SMK som frivillig organisasjon og om funksjonell spesialisering .....	36
6. Kva har kyrkja heime å lære av kyrkja ute? .....	38
7. Konklusjon .....	43
Litteraturreferansar .....	47



## Føreord

Sjømannskyrkja/Norsk kyrkje i utlandet får mykje ros for arbeidet sitt for norske i utlandet. Det kan synast som om kyrkja i utlandet vert vurdert mykje meir positivt enn kyrkja ”på land” av dei som har kontakt med kyrkja. Omtale av SMK på fleire kyrkjemøte har formidla eit inntrykk av organisasjonen som ein som lever diakonalt på ein spesiell måte. På denne bakgrunnen var det eit ynskje frå Sjømannskyrkja i samarbeid med Det norske Diakonhjem å skaffe seg meir systematisk kunnskap om SMK som diakonal organisasjon, kva som gjev organisasjonen slikt omdøme og kva ”kyrkja på land” eventuelt kan ha å lære av ”kyrkja på sjøen”. Diakonhjemmet Høgskole vart beden om å formulere rammer for eit forskningsprosjekt som kunne bidra til å kaste lys over Sjømannskyrkja som diakonal organisasjon. I brevet frå Sjømannskyrkja som følgde oppdraget heitte det m.a.: «Det ideelle ville være at forskningsprosjektet fortalte oss ting vi ikke visste – og satte i system/fant modell for den diakonipraksis Sjømannskirken har». I brevet heiter det vidare at når Sjømannskyrkja og Det norske Diakonhjem «engasjerer seg i et forskningsprosjekt på området, er det for å sette ord på dette som fremstår som forbilledlig – eller å komme frem til en modellforståelse. På denne måten håper kan også Sjømannskirken kunne videreutvikle egen praksis og om mulig gjøre den overførbar til Den norske kirke».

Rapporten vil vise i kva grad desse ynskja er oppfylte. I den samanhengen vil eg takke Sjømannskyrkja for all støtte og hjelp til arbeidet med prosjektet, både frå sentralt hald, men ikkje minst staben på dei fire kyrkjene eg besøkte under arbeidet, København, Arguineguin, Pattaya og Rotterdam.

Diakonhjemmet 28. september 2011

Olav Helge Angell

## 1. Innleiing

Sjømannskirken er en frivillig organisasjon som ønsker å være et kirkelig, kulturelt og sosialt møtested for alle nordmenn i utlandet.

### Bakgrunn

Sjømannskyrkja presenterer seg som ein frivillig organisasjon som ”ønsker å være et kirkelig, kulturelt og sosialt møtested for alle nordmenn i utlandet”. På tross av namnet vender Sjømannskyrkja seg til ”alle nordmenn som oppholder seg for en kortere eller lengre periode utenfor Norges grenser”. Sjømannskyrkja (SMK) er også norsk kyrkje i utlandet. Det inneber at SMK i prinsippet har det same oppdraget som Den norske kyrkja sentralt har definert for seg sjølv. Statlege styresmakter presenterer SMK på følgjande vis:

Sjømannskirken/Norsk kirke i utlandet er en frivillig organisasjon, som på vegne av Den norske kirke betjener nordmenn i utlandet. Den har også et økumenisk ansvar og samarbeider med kirkesamfunn, organisasjoner og lokale menigheter. [...]

Hovedmålet er å skape åndelige, kulturelle og sosiale møteplasser for nordmenn i utlandet, gi medmenneskelig omsorg og praktisk hjelp. [...] Alle sjømannskirkene utfører kirkelige handlinger som dåp, konfirmasjon og bisettelse. En rekke kirker foretar også vielser.

Organisasjonsmessig er Sjømannskirken nært knyttet til Den norske kirke. Den norske kirke har 6 representanter i generalforsamlingen. Den ene er Bjørgvin biskop som har det kirkelige tilsynet med Sjømannskirken. Tre representanter er oppnevnt av Kirkemøtet, mens Kirkerådet og Mellomkirkelig råd oppnevner en representant hver. (NOU 2006: 2 s. 56)

Så langt den rekkjer er dette ein god presentasjon av Sjømannskyrkja. SMK har kompetanse på ”krise- og beredskapstjeneste, nettverksbygging og relasjonsrådgivning” (Sjømannskirken [2008]). SMK sin eigen statistikk viser at det finn stad rundt 800.000 møte i året der kyrkja kjem i kontakt med menneske. Den vender seg til alle nordmenn som oppheld seg for kortare eller lengre periode utanfor Noregs grenser. Denne kompetansen var eit utgangspunkt for at Utanriksdepartementet i 2007 gjekk inn i ein samarbeidsavtale med Sjømannskyrkja knytt til beredskapsplanlegging.

Sjømannskyrkjene skipar til gudstenester og utfører handlingar som dåp, konfirmasjon, bryllaup (ikkje alle stader) og bisetjing (Sjømannskirken [2008]). Noko av det SMK legg vekt på i arbeidet sitt, slik det vert uttrykt i verdidokumentet, er å lytte til menneskers livsrøynsler og gje ”mot til tro, håp og engasjement”, tilby fellesskap, vera kulturell og sosial møtestad, byggja nettverk og drive relasjonsarbeid, vera oppsøkjande og byggja bru mellom norske i utlandet og samfunnet rundt (Ward 2002). SMK får stadig mykje



ros for arbeidet sitt for norsk i utlandet; ikkje minst gjaldt det i samband med sunamien jula 2004 og flommen i New Orleans året etter.

**Welcome to Sjømannskirken,  
Norwegian Church Abroad.**

Our churches serve as cultural, social and spiritual meeting places for Norwegians abroad.

**We offer the atmosphere of a Norwegian home away from home with waffles, coffee, Norwegian newspapers and Norwegian TV.**

The Norwegian churches abroad and travelling chaplains have an international network of social meeting places where seafarers, students, business people, tourists, families and other travelling Norwegians can come "home" for a while. Today, the churches and their staff together with travelling pastors around the globe represent a "resource center" for all Norwegians travelling internationally.



The Norwegian Church Abroad in Houston, USA, is one of 32 churches around the world.



Waffels!

**Slik presenterte Sjømannskyrkja seg på heimsidene sine hausten 2010.**

Det kan synast som om kyrkja i utlandet vert vurdert mykje meir positivt enn kyrkja "på land" av dei som har kontakt med kyrkja (Schneewind 1996). Omtale av SMK på fleire kyrkjemøte har formidla eit inntrykk av organisasjonen som ein som lever diakonalt på ein spesiell måte. På denne bakgrunnen har det vore eit ynskje frå Sjømannskyrkja og Diakonhjemmet å skaffe seg meir systematisk kunnskap om SMK som diakonal organisasjon, kva som gjev organisasjonen slikt omdøme og kva "kyrkja på land" eventuelt kan ha å lære av "kyrkja på sjøen" og omvendt.

### Oppdraget

Oppdraget eg fekk, var ope. Utgangspunktet for SMK – slik eg forstod det – var den positive omtalen organisasjonen hadde fått på fleire kyrkjemøte, slik eg nemnde. Spørsmålet til meg frå oppdragsgjevar var litt skjematisk og sett på spissen: "Kva er det som er så bra med oss?" Slik eg utforma prosjektet, tok eg ein noko meir open posisjon. Målet for meg har vore å gje

ei framstilling av hovudkjenneteikn ved det diakonale arbeidet som del av det samla arbeidet og korleis dette arbeidet vert vurdert av personale, brukarar og samarbeidspartnarar. I og med det kjem eg i desse innleiingane til å seia noko om ”kva som er så bra” med SMK i eit diakonalt perspektiv, men og også noko om kor eg trur det er potensial for betring.

**Hovudproblemstillinga** er: *Kva vil det seia å vera norsk kyrkje i utlandet, med særleg vekt på det diakonale arbeidet?*

Ein annan måte å formulere dette på, med vekt på diakoni som praksis, er: Kva kjenneteiknar den diakonale praksisen til SMK generelt og rammene for den, eller måtar det vert lagt til rette for den?

SMK bruker stort sett ikkje verken ord som diakoni eller nestekjærleik på nettsidene sine. Men den er elles, i eit teologisk perspektiv, karakterisert som ei ”diakonal kyrkje” (Nordstokke 1999; Rørvik 2005). Når eg bruker ’diakoni’ i vår samanheng, tek eg utgangspunkt i den forståing som er vedtatt som den offisielle definisjonen i Den norsk kyrkja:

***Diakoni*** er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd (Kyrkjerådet 2008: 7).

Samanhengen SMK verkar i, gjer at dei har ein annan profil i arbeidet sitt enn vanlege kyrkjelydar heime. I utgangspunktet er det rimeleg å tru at bruken av SMK i utlandet og måten brukarane opplever møtet med kyrkja på, er nært knytt til sjølve situasjonen, det å vera i utlandet, det å vera framand, til det som vert kalla *diasporatilværet* (sjå t.d. Anderson 1996).

For å svare på hovudproblemstillinga deler eg det opp fyrst opp i underproblemstillingar:

- Kva kjenneteiknar ”kulturen” i sjømannskyrkjene? Kva er deira diakonale identitet?
- Kva bruker dei norske sjømannskyrkjene til, kva forventningar har dei til SMK og korleis opplever dei møtet med kyrkja og kontakten med personalet?
- Kva kjenneteiknar kyrkja sitt oppsøkjande arbeid, og korleis opplever dei som ”får besøk”, møtet med kyrkja og kontakten med personalet?
- Korleis skjer rekruttering til stillingar i SMK og korleis vert personalet varetatt i organisasjonen?
- Kven engasjerer kyrkjene som frivillige i arbeidet sitt, korleis og til kva? Kva funksjonar har det frivillige arbeidet og korleis vert dei frivillige varetatt?
- Kva er likt og kva er forskjellig i brukarane sine opplevingar av møte med kyrkja heime og ute, og kva er likt og forskjellig i personalet sine opplevingar av møte med menneske i kyrkja heime og ute?

- Kva samanheng er det mellom utforminga av den diakonale praksisen og kjenneteikn ved dei sosiale og kulturelle ”romma” som er nedslagsfelt for kyrkjene?
- Kva tyder det å ha diakonstilling i staben for den diakonale praksisen i kyrkjene?

Dette er mange spørsmål. Eg kan ikkje svare fyllestgjerrande på dei, men dei har tent til å gje retning til det eg har vore oppteken av å finna ut om SMK; dei har styrt blikket mitt så å seia. Om eg ikkje kan svare godt på spørsmåla, kan det å stille spørsmåla i seg sjølv bidra til ein refleksjonsprosess som kan vera nyttig for organisasjonen.

For brukarane er møtet med SMK møtet med einskildpersonar i staben, staben som gruppe, med andre norske og med ein ”materiellstruktur” som er rik på symbol. I og med at det personlege møtet er så viktig, vil det vera av interesse i prosjektet å undersøkje rekrutteringsprosessar til stillingar i SMK. Kva legg dei som har ansvaret for tilsetjingane vekt på hos dei dei skal tilsetja? Korleis vert personalet introdusert til organisasjonen, varetatt og følgt opp i den tida dei arbeider i SMK? Staben som gruppe representerer eit miljø, ei form for organisasjonskultur som brukarane vil oppleve (konsekvensane av), som vil prega miljøet i staben og møtet med brukarane.

Det er rimeleg å tru at SMK sine funksjonar for brukarane vil variera alt etter om og kva slags alternative, meir eller mindre allment tilgjengelege norske miljø som finst, til dømes ambassade, foreiningar/organisasjonar og dei funksjonane desse miljøa og institusjonane kan vareta. Der slike alternative miljø finst, vil det vera interessant å undersøkje kva bruk dei norske gjer av dei ulike miljøa og kva røynslar dei har med dei ulike miljøa. Det er også grunn til å tru at samansetjinga av personalet, kva for utdannings- og yrkesbakgrunn dei har, vil prege arbeidet. For prosjektet vil det vera av spesiell interesse å undersøkje kva det å ha diakon i staben tyder for den lokale organisasjonen og det diakonale arbeidet.

Sjømannskyrkja sitt gode renommé har mange menneske sine gode røynslar i møte med personar i SMK så lenge organisasjonen har eksistert, lagt grunnen for. Eg har i relativt liten grad lagt vekt på å utdjupe den litteraturen. Eg har lagt meir vekt på å finna fram til tilhøva som påverkar organisasjonen si evne til å halde fram med den gode praksisen og kva som eventuelt kan synest å verka i motsett retning.

### **Tidlegare forskning**

Dei norske, lokale sjømannskyrkjene har mange stader samarbeid med andre nordiske sjømannskyrkjer eller utanlandskyrkjer, særleg gjeld det den svenske og den danske. For å finna ut noko om interessa i dei skandinaviske landa for å forske på desse kyrkjene, gjorde eg eit litteratursøk i dei viktigaste skandinaviske bibliotekdatabasaane for universitets- og

høgskolesektoren, i Noreg BIBSYS, i Sverige LIBRIS og i Danmark bibliotek.dk (meir allmenn database). Resultatet av det kanskje litt tilfeldige søket gav som resultat at eg i BIBSYS fann 47 treff (bøker/bokkapittel), i LIBRIS 11 (bøker) og i bibliotek.dk 28 treff. Det spesielle med treffa i bibliotek.dk var at dei omfatta 3 bøker (ei norsk!) og 25 avisartiklar (flest i Kristeligt Dagblad). Korkje BIBSYS eller LIBRIS omfattar særleg mykje av artiklar. Eg pretenderer ikkje med dette å seia noko vitenskapleg haldbart, men eg ser ikkje bort frå at resultatet av desse søka seier noko om forskingsinteressa i dei tre landa når det gjeld denne typen ”kyrkjeforskning”, dvs. denne typen religiøst forankra aktørar.

Nokre av dei tema som underproblemstillingane omfattar, er tatt opp m.a. av Kristoffersen (2000), hos henne rett nok i eit marknadsføringsperspektiv. Det inneber at det fanst ein del forskning å byggja på for prosjektet. Samanhengen SMK verkar i, gjer truleg at dei har ein annan profil i arbeidet sitt enn vanlege kyrkjelydar heime. Det er rimeleg å tru at bruken av SMK i utlandet og måten brukarane opplever møtet med kyrkja på, er nært knytt til sjølve situasjonen, det å vera i utlandet, det å vera framand, til det som vert kalla diasporatilværet (sjå m.a. Wyller 2006). Det å vera i utlandet vil for svært mange innebera å mangle tilgjenge til dei uformelle ressursane ein har heime, t.d. i form av familie, venner og anna sosialt nettverk. Det vil også innebera å mangle (kunnskap om) tilgjenge til dei formelle ressursane som ein er kjent med heime, dei ulike velferdsordningane og (kunnskapen om) tilgjenget til dei og større kjensle av utryggleik i situasjonar der ein ikkje klarer seg utan formell hjelp. Kyrkja er også ein symbolsk ressurs i den meininga at den representerer ”det norske” i ein samheng der den nasjonale identiteten vert tydelegare enn heime, i og med at utlandet er ”dei andre” sin stad. SMK som nasjonalt symbol og som formidlar av det nasjonale i ein religiøs samheng er tema for fleire forskingsarbeid om SMK (Rørvik 2005; Østerbø 2007; Aagedal 2007). Kva dei ulike typane av ressursar tyder for brukarane, vil truleg avhenga av kva behov brukarane har og kva alternativ tilgjenge dei har til ressursar. Elles har tidlegare generalsekretær Nyland gjeve eit omfattande bidrag til SMK si sjølvforståing og eigenrefleksjon m.a. med utgangspunkt i eit tenesteteoretisk perspektiv (Nyland 2007).

## **2. Teoretiske perspektiv og normative utgangspunkt**

Sjømannskyrkja har utarbeidd eit verdidokumentet som eit uttrykk for kva organisasjonen ynskjer å stå for og vera i praksis (Sjømannskirken 2007). Her presenterer organisasjonen ti motto eller verdiuttrykk i ulike former. I samanfatta og forenkla utgåve kan vi uttrykkje

verdiane på følgjande vis: Med utgangspunkt i kristent forankra menneskesyn SMK ynskjer å vera

1. ein kyrkjeleg, kulturell og sosial møtestad for landsmenn i utlandet (tilhøyring)
2. ein ressurs i krisesituasjonar, i nettverksbygging og relasjonsrådgjeving (tryggleik)
3. ei oppsøkjande, tenande og medvandrande kyrkje (oppsøkjande)
4. ein organisasjon kjenneteikna av romsleg gjestevenskap (gjestevenskap)
5. ein brubyggjar mellom nordmenn ute og omgjevnadane (brubyggjar)

Om vi jamfører desse verdiuttrykka med definisjonen av diakoni i Dnk er det særleg det som har å gjera med ”*nestekjærleik [og] inkluderande fellesskap*” i kyrkja sin diakonidefinisjon som eg har tolka som mest relevante i undersøkinga av SMK. Når vi tek utgangspunkt i uttrykte verdiar for ein organisasjon, kan verdiane både gje perspektiv til å analysere organisasjonen, men også tene som grunnlag for å evaluere organisasjonen. I denne studien vil eg gjera begge delar.

Både definisjonen av diakoni og verdiuttrykka i verdidokumentet aktualiserer sider ved velferd. Om vi trekkjer inn velferdsomgrepet i vår samanheng, kva er skilnaden mellom velferd(sarbeid) og diakoni – fyrst og fremst forstått som praksis? Roald Kverndal (Kverndal 2008: 237) skriv at det er den kristologiske dimensjonen ved det arbeidet kyrkja driv, t.d. slik vi finn uttrykt i 2. Kor. 5,14 (”For Kristi kjærleik tvingar oss”) som gjev diakonaten ein særskilt ”ekklesiologisk” identitet som ein ”særskilt måte å vera kyrkje på”. Han viser til den finske teologen Kaarlo Kalliala som skriv at det ganske enkelt å omsetja ”diakoni” med ”kyrkjeleg sosialt arbeid” eller ”kyrkja sitt velferdsarbeid” – i ein engelskspråkleg samanheng er ordet ”diakonia/diaconia” eit nytt ord – er like fråstøytande som å kalle ”dåpen” for ”kyrkjeleg barnevask” (s.s.). Så ”enkelt” er det ikkje for meg. I forskingsarbeidet mitt har eg ofte tatt utgangspunkt i ein annan finne, sosiologen Erik Allardt, som har presisert velferdsomgrepet, med utgangspunkt i menneskelege behov og som ressursomgrep, i form av tre dimensjonar, ”å ha”, ”å elska” og ”å vera”.

- ”å ha”: viser til fysiske og materielle behov
- ”å elska”: viser til sosiale relasjonar
- ”å vera”: viser til det å ha ein meningsfull plass i samfunnet, til psykologiske, kulturelle og politiske behov.

Det synest mest relevant å knytte verdidokumentet til dei to siste dimensjonane, der det kanskje ikkje er urimeleg å knyte den åndelege eller trusdimensjonen til ”å vera”. Samstundes er den fyrste dimensjonen også relevant, sjølv om det ikkje går eksplisitt fram av den måten eg har redigert og formulert verdiane i verdidokumentet. Vi kan berre tenkje på kaffi og vaflar, med særleg dei siste som eit kjernesymbol for SMK. Både viser vaflar materielt til noko som dekkjer eit fysisk behov og dei fungerer på same tida som eit viktig middel, ein katalysator, for det å opne opp for, gjera det lettare å etablere sosiale fellesskap og halde dei ved like og utvikle dei vidare. Det som er viktig for SMK i tillegg, og som kanskje har noko med Kalliala sine karakteristikkar å gjera, er at den sosiale handlinga skjer i eit kyrkjeleg ”rom” – anten det skjer på kyrkja eller utanfor – som gjer at handlinga peikar utover seg sjølv, den får ein teiknfunksjon (sjå t.d. Angell 2009). Dette er eit aspekt ved ”kyrkja sitt sosiale arbeid” som har med diakoni å gjera, både ved intensjon, konkret tyding og som teikn. Omgrepet ‘verdi’ er sentralt i Sjømannskyrkja sin sjølvpresentasjon. Det er rimeleg å forstå organisasjonen sitt mål om å vera ”en tjenende kirke i verdens hverdag” som det å omsetja verdiane i verdidokumentet til kvardagspraksis. Men det å skulle omsetja meir og mindre abstrakte verdiar til praksis i kvardagen er ikkje støtt enkelt.

Verdiomgrepet er sentralt i mange vitskapar. I eit oversyn over korleis ”verdi” vert brukt i sosialantropologien, skil Graeber mellom tre ”store tankestraumar som konvergerer” i ordet verdi i den sosialantropologiske tradisjonen (Graeber 2001: 1). Dei tre tankestraumane Graeber identifiserer, er a) verdi i sosiologisk meining der termen viser til det høgste godet eller det som er verdt å ynskje; kven vi ynskjer å vera og kva vi ynskjer å gjera, b) verdi i økonomisk meining, målet som kor viljuge vi er til å betale for eit gitt gode, ei vare eller teneste, og c) verdi i lingvistisk tyding som refererer til den franske lingvisten Saussure (Graeber 2001: 1-2).

I vår samanheng vil eg ta den fyrste tankestraumen som utgangspunkt. Ei av utfordringane i verdiforskning er å studere og forstå (den moglege) samanhengen mellom verdiar og handlingar. Vi taler då om korleis verdiar gjer det enklare, eller legg til rette for, at handlingar bidreg til å realisere gitte mål, eller at dei vert oppfatta på den måten av samfunnsmedlemane, og korleis vi kan utleie verdiar av handlingsmønster. Logisk sett er det siste særleg vanskeleg. Ein måte på å prøve å handtere problemet på er å sjå sambandet mellom verdiar og handlingar som eit dialektisk tilhøve. Søren Kierkegaard sa om livet at det må forståast baklengs men levast framlengs (sjå t.d. Thielst 1994). Ut frå slike måtar å tenkje på kan vi nærme oss verdispørsmålet ved å stille følgjande spørsmål i eit forskingsarbeid:

Korleis kan vi gjera funna våre meiningsfulle når vi også legg eit moralsk perspektiv på dei? Ein måte å gjera det på er å tilskrive verdiar til handlingar og haldningar slik at verdiar vert å oppfatte som heuristiske hjelpemiddel som forskaren fører inn for å skape ”orden” og mening i mønstra av observasjonar, noko som genererer konsistens i data (Deth og Scarbrough 1995; Sniderman, Brody og Tetlock 1991: 269).

Sjømannskyrkja sitt arbeid, sett på som velferdsarbeid, kan vi oppfatte som former for ”moralsk praksis”. SMK sitt arbeid omfattar menneske i svært mange og ulike livssituasjonar. Brukarane er assosierte med moralsk verdi, og den måten dei vert mottatt og behandla på som svar på den situasjonen dei er i, det som skjer med dei som gjestar og/eller hjelptrengande, er forankra i ein moralsk kontekst (Hasenfeld 2010a). Dette gjeld meir allment for velferdsarbeid eller velferdsorganisasjonar. Til dømes inneber det å gå på sosialkontoret ofte ei form for stigmatisering – i eigne auge eller slik andre vurderer det – og formidlar ei tildeling av status som inneber ein negativ sosial verdi hos dei som observerer denne situasjonen – og kan hende hos den hjelpesøkjande sjølv. Det er knappast slik for dei som besøker ei sjømannskyrkje, anten dei kjem for ein kopp kaffi og ein vaffel eller dei er hjelptrengande. Men likefullt vil måten gjestane eller brukarane vert møte på av staben, ha ein normativ basis. Den representerer eit moralsk val og har ei ”symbolsk meining” som påverkar den moralske statusen til brukaren (Angell 2009; Hasenfeld 2010a, 2010b). Formuleringane i verdidokumentet til Sjømannskyrkja uttrykkjer dette på ein indirekte måte.

Eit verdidokument er ikkje tilstrekkeleg til at organisasjonen har ein praksis i tråd med verdigrunnlaget. Sjømannskyrkja som verdiforankra organisasjon treng leiarar og medarbeidarar som identifiserer seg med organisasjonen, verdigrunnlaget og førestillingar om organisasjonen, kva oppdraget er og korleis den skil seg frå andre organisasjonar, organisasjonsideologien (Mintzberg 1983). Spørsmålet om i kva grad medarbeidarar identifiserer seg med det organisasjonen står for, melder seg altså på ein spesiell måte i samband med rekruttering til organisasjonen. Sjømannskyrkja har stadig utskifting av personale. Det gjer spørsmålet om rekruttering og identifisering svært aktuelt.

Organisasjonsforskarer Henry Mintzberg (1983) spesifiserer fire former for identifisering med ein organisasjon: naturleg, selektert, framkalla og kalkulert identifisering når han skal analysere tilhøvet mellom ein organisasjon og nye medlemmar av organisasjonen. *Naturleg identifisering* er det enklaste for organisasjonen; nye medlemmar vert utan vidare tiltrekte av organisasjonsideologien, av leiaren, av sjølve organisasjonen. Kva ein ny medlem særleg er tiltrekt av, kan tyde ein del for organisasjonsåtfærd (Mintzberg 1983: 155-156;

Simon 1957: 205). Det er rimeleg å tru at dei fleste som søker seg til Sjømannskyrkja, representerer denne forma for identifisering på meir eller mindre vis. Men organisasjonen treng større grad av kontroll med kven dei rekrutterer som nye medarbeidarar; det å satse på naturleg identifisering som grunnlag for å trygge at medarbeidarane arbeider i samsvar med organisasjonsideologien og verdigrunnlaget, ikkje tilstrekkeleg. *Selektert identifisering* inneber at rekrutteringa skjer ut frå kriterium som skal bidra til at den eller dei som vert tilsette, både kan gjera ein god jobb og står for verdiar som samsvarer med organisasjonen sitt verdigrunnlag når dei byrjar i organisasjonen. Difor er utlysingstekst og intervju med søkerar – og andre måtar å ”teste” søkerane på – viktige silingsmekanismer.

I mange tilfelle er heller ikkje selektert identifisering tilstrekkeleg for organisasjonen til å tryggje at nytilsette forstår kva organisasjonen står for og korleis verdigrunnlaget er tenkt omsett i praksis. Mintzberg sin tredje identifiseringskategori, *framkalla identifisering*, handlar om korleis organisasjonen prøver å sørgje for å styrkje nye medlemar si identifisering ved hjelp av formelle tiltak som t.d. innføringskurs, eller ved den meir uformelle påverknaden som skjer i samhandlinga mellom gamle og nye medlemar i organisasjonen. I små organisasjonar, der nykomarar utgjer ein vesentleg del av organisasjonen, kan den sistnemnde forma for påverknad på den eine sida truleg lettare gå begge vegar enn i store organisasjonar, der nykomarane normalt vil utgjera ein relativt liten del av organisasjonen. På den andre sida kan den sosiale kontrollen vera sterkare i små organisasjonar enn i store på grunn av det tette samarbeidet som gjerne kjenneteiknar slike organisasjonar. Identifiserer dei ”gamle” medlemane seg sterkt med organisasjonsideologien og verdiane, kan påverknaden på nye medlemar vera sterkare (i retning identifisering eller konformitet) i små organisasjonar enn i store der relasjonane kan vera meir komplekse, lausare og såleis i mindre grad underlagt sterk sosial kontroll. Det er rimeleg å tru at ein måte å halde medvitte om verdigrunnlaget til organisasjonen og ei kritisk vurdering av praksisen ved like på, kan vera ved aktiv bruk av verdidokumentet. Det er tale om verdibasert leing sentralt og lokalt, det heile tida å vera medvitte om organisasjonen sine verdiar og kva former for praksis dei inneber – og utelukkar. Korleis vert dette lagt til rette for i organisasjonen?

Den siste forma for identifisering hos Mintzberg er *kalkulert identifisering*. Med det meiner Mintzberg at det som fyrst og fremst engasjerer medlemen, er eigeninteresse – på tross av all seleksjon og påverknad. Men medlemen kan finna ut at for å følgje eigeninteresse er han/ho best tent med å identifisere seg med organisasjonen og det den står for. Veikskapen ved dette grunnlaget for identifisering med organisasjonen er sjølvsagt at identifiseringa kan



vera flyktig, at den er kalkulert, at medlemen på den måten er mindre engasjert som person i organisasjonen sitt førehavande enn med eit anna grunnlag for identifisering (Mintzberg 1983: 159). For Sjømannskyrkja kan også eit slikt grunnlag for å knyte seg til organisasjonen, i starten kanskje særleg som frivillig, vera interessant. Som medlem av organisasjonen, over tid, kan grunnlaget for identifisering endre seg til å verta personleg meir ”solid” forankra gjennom røynsler og påverknad – om ikkje personen vel å avbryte medlemskapen.

I ein rapport som denne er det alltid eit spørsmål om kor ein bør plassere dei teoretiske perspektiva som analysen av datamaterialet byggjer på. Det mest vanlege er nok å plassere teorien tidleg, slik eg har gjort her. Eit anna prinsipp kan vera å introdusere dei teoretiske perspektiva i samband med fyrste bruken av dei i struktureringa og analysen av materialet. Det vil innebera at teoristoffet vert porsjonert ut etter kvart som det er bruk for det. Her har eg valt ein kombinasjon. Det meste av dei teoretiske perspektiva eg bruker i rapporten, er plassert i dette avsnittet. Men eg har også introdusert teoristoff seinare i framstillinga.

### **3. Metode og materiale**

I prosjektet tok eg i bruk ein kombinasjon av fleire metodar for datainnsamling; deltakande observasjon i kortare feltarbeid, kvalitative intervju med brukarar og tilsette og dokumentanalyse.

#### **Feltarbeid**

Feltarbeid er ikkje ein datainnsamlingsmetode, men meir enn forskingsstrategi som omfattar fleire metodar. I denne samanhengen vil eg særleg knyte feltarbeid som strategi til deltakande observasjon og kvalitativ intervjuing. Eg gjennomførte fire feltarbeid knytte til sjømannskyrkjer på utvalde stader, kyrkjer som var meint å representere eit mangfald av kyrkjer og kontekstar, kyrkjer med ulike aktuelle og potensielle brukarprofilar, kyrkjer på stader med ulikt utbygt velferdsapparat, kyrkjer i omgjevnader med/utan alternative, allment tilgjengelege norske miljø (jf. Patton 1980: 102). Aktuelle kategoriar av brukarar var studentar, einslege, barnefamiliar og eldre med langvarig opphald; turistar, trailersjåførar og andre yrkesgrupper med kortvarige opphald (jf. Kristoffersen 2000).

Målet med feltarbeida var å samle informasjon som kunne gje inntrykk av den sosiale situasjonen på staden, problem og ressursar, SMK sitt arbeid, kva organisasjonen engasjerer seg i og ikkje, og korleis kyrkja sitt arbeid vert vurdert av dei som kjenner til det og eventuelt gjer bruk av det.

Feltarbeida vara to-tre veker og vart gjennomførte på følgjande stader (i kronologisk rekkjefølgje):

1. *København*: Dette er ein by prega av norske koloniar av studentar og yrkesaktive/familiar som bur utanlands i lange periodar. Sjømannskyrkja har lang tradisjon i København. I den perioden eg besøkte kyrkja, var det eit konstant tilsig av besøkarar, studentar, fastbuande, folk som budde i København for kortare eller lengre tid på grunn av jobb og norske turistar til Købehavn. København syntest vera ein populær stad å gifte seg, sjølv for nordmenn busette i Noreg. På kyrkja var det innreidd eigen lesesal for studentar.
2. *Arguineguin*, Gran Canaria: Arguineguin er kjenneteikna av norsk "helseturisme" og mange (meir og mindre) fastbuande barnefamiliar og eldre, folk som har husvære i området og som bur på Gran Canaria t.d. frå tre til seks månadar i året – ikkje lenger enn at dei skattar i Noreg og nyt godt av ordningane i den norske velferdsstaten. Det var svært stor tilstrøyming til kyrkja som ligg heilt i sentrum av byen. Då eg besøkte Arguineguin, var kyrkja nyss flytta, lokala var nye og det var ein stor dugnadsinnsats framfor den formelle innviinga som fann stad mens eg var der. Det som elles prega oppsluttinga om kyrkja, var den store deltakinga i gudstenestene på sundag kveld. Dei sundagane eg var i Arguineguin, var kyrkja full (Sjømannskyrkja har avtale med den lokale katolske kyrkja om å låne lokale til dette føremålet). Kyrkja har plass til om lag 400 personar. På ein av sundagane med særlege gjester som leidde gudstenesta, vart det etterpå sagt at talet på deltakarar (inne og ute) var nær på det dobbelte.
3. *Pattaya*, Thailand: Pattaya ligg i eit område med mange norske turistar, ikkje minst familiar, eit område som er kjenneteikna av omfattande sexturisme, også når det gjeld norske turistar. Sjømannskyrkja var opphavleg lokalisert i Bangkok, men vart flytt til Pattaya hausten 2005. Kyrkja er skandinavisk kyrkje, dvs. den representerer også den svenske og danske kyrkja i utlandet. Besøket på kyrkja den perioden eg var der, var særleg av meir og mindre fastbuande norske og norske turistar. Mellom dei som besøkte kyrkja, var mange lokale ektefeller til norske menn, gjerne med små barn, anten dei budde i Noreg og var på besøk hos familien/vêrfamilien eller dei budde fast i Thailand. For barna vart det skipa til norskkurs. Sjømannspresten, som var både teolog og jurist, hadde engasjert seg for barna med norsk far og thai-mor og deira rettar etter norsk lov når faren døydde, i kontakt med dei aktuelle statsrådene heime. Det var mange slike tilfelle i Thailand. Elles utførte staben mykje oppsøkjande arbeid, det vera seg besøk til sjuke

heime eller på sjukehus, besøk i fengsel, på barar som skandinavane frekventerte eller heimebesøk hos menneske med personlege problem av ulik art. Mange personar med psykiske problem hadde kontakt med kyrkja.

4. *Rotterdam*, Nederland: Rotterdam er framleis prega av å vera sjøfartsby og for SMK er sjøfolk framleis ei viktig målgruppe, saman med m.a. trailersjåførar. Det spesielle med sjømannskyrkja i Rotterdam er at mest all kontakt med norske personar går føre seg utanfor kyrkja sitt område, i form av oppsøkjande arbeid, særleg i Europahamna. Dette utgjør ei svært omfattande besøksverksemd. Interessant var at den assistenten som i særleg grad besøkte norske skip, både representerte Sjømannskyrkja og den statlege velferdstenesta til sjøfolk. I den perioden eg gjorde feltarbeidet mitt i byen, syntest det som om det var fleire nederlendarar som kom på besøk på kyrkja, enn det var norske, når eg ser bort frå eit par busslastar med norske på utanlandstur som ”stakk innom” og fekk servert kaffi og vaflar.

På alle fire stadane var eg til stades på kyrkja i det meste av opningstida dei dagane feltarbeidet varte. Eg observerte handling og samhandling, kontakten mellom medlemmar av staben og mellom staben og gjestane. Eg deltok på personalmøte der eg fekk høve til det (det var stader der eg ikkje fekk tilgang til heile stabsmøtet, men berre til visse saker, utan at det vart gjeve grunn for det av stasjonssjefen). Eg var også med medarbeidarar i staben på oppsøkjande arbeid, anten det handla om heimebesøk, sjukehusbesøk, fengselsbesøk eller besøk på barar. Eg samtalte med gjestar og med medlemmar av staben i meir uformelle samanhenger, eg oppsøkte einskilde andre norske miljø på staden – der slike fanst, og samtalte uformelt med norske som var til stades, om Sjømannskyrkja. Eg intervjuar medlemmar av staben på dei stadene eg var, representantar for eksterne samarbeidspartnarar på staden, m.a. representantar for norske bedrifter, den norske utanrikstenesta og for norske foreiningar.

## Dokumentanalyse

Ulike typar av skriftlege kjelder var aktuelle å analysere med tanke på å innhente informasjon om ideologi, verdiar, praksis og vurdering. Det gjaldt m.a. Sjømannskyrkja sine eigne publikasjonar, offentlege dokument og presentasjonar i media av ymse slag. Ut over dei dokumenta som er publiserte av organisasjonen sjølv, har dokumenta eg har brukt, ikkje vore føremål for systematisk utveljing. Det kan såleis vera noko tilfeldig kva eg har ”kome over” i leitinga mi.

## Presentasjon av funna

I presentasjonen av funna har eg lagt vekt på særleg å ha Sjømannskyrkja som senter for merksemda med dei grensene for kva som er gyldig kunnskap om organisasjonen på den tida eg studerte den, som materialet mitt set. Eg har i liten grad knytt døma mine og refleksjonane mine til einkilde stader som eg besøkte for å halde på ein viss grad av anonymitet. På andre sida er det visse funn som er spesielt knytt til einchildstader, som eg tenkjer vil vera av interesse for organisasjonen som heile. Der har eg namngjeve staden.

Eg har alt presentert funna mine for medlemar av Sjømannskyrkja, Det norske Diakonhem og einkilde andre på eit seminar på sjømannskyrkja i El Campanario i oktober 2010. Resten av denne rapporten er strukturert ut frå dei tre presentasjonane eg hadde der.

## 4. Når kyrkja vert synleg og folk tek imot det dei ser: Sjømannskyrkja og verdidokumentet i teori og praksis

### Å vera frikopla og open – og å verta motteken

Etter feltarbeida mine sit eg att med eit inntrykk av at «brukarane» har eit temmeleg eintydig positivt bilete av organisasjon og kva den gjer av sosialt og diakonalt arbeid slik dei har formidla sine røynsler, inntrykk og vurderingar til meg. Det gjeld både *primærbrukarane*, dei som sjølve er gjestar eller brukarar, og *sekundærbrukarane*, dei som samarbeider med SMK, gjev premiss for arbeidet, utvekslar tenester med sjømannskyrkja og ser verksemda noko meir frå utsida. Det gode arbeidet SMK gjer og kva det tyder for dei som får kontakt med kyrkja, er skildra og analysert i fleire avhandlingar t.d. i den masteroppgåva i diakoni som den førre diakonen i Arguineguin har skriva (Dyvik 2007). Eg har truleg lite å føye til det biletet som vert gitt i desse avhandlingane.

Frå ein tidleg samtale med ein engasjert brukar av SMK:

Ein blir støtt tatt vel imot i kyrkja. Det er ulike grupper mellom dei som går der (damegruppa). Det er eit behov for å prate norsk [språk – kultur / det underforståtte], for å dele med andre med same kulturelle bakgrunnen – slike som forstår, t.d. humor. Behovet melder seg når du har vore borte lenge. [...] Det er mange som er åleine/einsame som bruker kyrkja for sosial kontakt. Det fine er at alle kan samlast, på tvers av sosiale skilje – direktørane og sjøfolka. Alle oppfører seg innanfor grensa av det som er akseptabelt.

Det er stor toleranse, ein vert godtatt som ein er. Det er mogleg å vise interesse, omtanke utan å bli fanga inn av krav. Det gjer det lettare [å gje] – ein kan få vera [seg sjølv]. Ein viktig funksjon kyrkja har, er det den er i kraft av å vera ein fysisk stad og eit sosialt senter – uavhengig av om ein går til gudsteneste eller ikkje. Det er alle dei som går ofte i kyrkja her, men som ikkje ville gjera det heime.

Liknande forteljingar finst det rikeleg av i SMK og mellom nordmenn i utlandet – også mellom dei eg snakka med og intervju.

I sitata vert det som kan skje i SMK, sett i samband med det som skjer/ikkje skjer ”på fastlandet” eller heime. I ei relativt nyleg utgjeven utgåve av ein publikasjon som vert utgitt av ein norsk klubb på ein av dei populære stadane for nordmenn i Spania, fann eg ein lang artikkel om klubben si historie. Der vert også nordmenn og deira tilhøve til SMK nemnt:

### **Velkommen hjemom – verden rundt!**

Det er mottoet til sjømannskirka. Og du føler at du er kommet hjem; alle som kommer til kirka ved Solgården - nord for Alicante på Costa Blanca, i Villajoyosa - får en varm velkomst. Vi kan feire at Den Norske Kirke i utlandet har vært her på kysten i mer enn 30 år. Sjømannskirka har god klang i ørene til alle nordmenn i utlandet. Det kan ofte være så som så med kirkebesøket når folk er hjemme i Norge. Men når vi nordmenn kommer ut i verden, blir mange ting snudd opp-ned, enten det er som sjøfolk i tidligere eller som turister, i nyere tid. (Søreide 2010: 31)

Sitatet seier på nytt noko om det å vera i utlendingheit, og ei kjerne i sitatet er den vesentlege skilnaden det er mellom kva det å gå i kyrkja heime og ute tyder – i siste tilfellet i ei sjømannskyrkje.

Eg vil ta dette sitatet som utgangspunkt. Det gjev eit bilete av SMK som ein gjestfri stad, ein stad der sosial kontakt vert formidla, der sosiale relasjonar vert bygde. Men det vert ikkje sagt mykje om korleis det skjer. Vekta vert lagt på det vi kan kalle ein status som gjest (eller kunde?), dvs. det at du kan vise interesse, men “utan å bli fanga inn av krav”. Krav kan vera av ymse slag. Det intervjupersonen seier, er at det er mogleg å engasjere seg i det som går føre seg, i ulik grad og på ulike område. I ”verdens hverdag” inneber det altså at det er mogleg berre å ta seg ein kopp kaffi og ein vaffel, åleine eller med familie eller venner, ein kan møte andre som snakkar norsk og berre ta ein prat – kanskje med håp om å verta kjent med nye menneske om du kjenner deg einsam eller av andre grunnar. Kjem du åleine eller saman med andre, lovar SMK å ynskje deg velkomen som ein spesiell gjest, slik at du skal kjenne deg heime. Dette er altså om vi tek det som skjer på kyrkja som utgangspunkt.

Det fleire av brukarane eg prata med, understreka, og som også har vore ein viktig premiss for meg i arbeidet, har nettopp vore at det arbeidet SMK gjer, skjer i utlandet. Mange har trekt fram for meg der eg har vore, at den situasjonen stiller gjestane og brukarane i ein ganske annan posisjon vis à vis kyrkja ute enn den gjer heime. Situasjonen for gjestane, i og med at dei er i utlandet, er at dei er *dobbelt frikopla* jamført med heime: *negativt* ved at dei manglar tilgang til formelle og uformelle ressursar som dei har tilgang til heime, *positivt* ved at dei samstundes opplever seg som frikopla ein del krav, forventningar og vurderingar dei opplever heime frå andre personar og grupper. Den negative frikoplinga kan gjelde familie, venner (om dei ikkje er med), nettverk, offentlege ytingar og tenester osb. Den positive frikoplinga kan m.a. gjelde religiøs praksis som kan leggja klare føringar på kva dei gjer og ikkje gjer når dei er heime.

Resonnementet mitt er klart i tråd med det religionssosiologen Rodney Stark skriv i analysen av korleis kristendomen voks fram:

It is axiomatic that conformity to the norms is the result of attachments – to the extent that we value our relationships with others, we will conform in order to retain their esteem. When people lack attachments, they have much greater freedom to deviate from the norms. In modern studies, unconventional behaviour is strongly correlated with various measures of population turnover and instability. (Stark 1996: 144; re. Stark og Bainbridge 1985)

Den fyrste frikoplinga gjer dei meir sårbare enn heime, meir avhengig av offisielle institusjonar som utanrikstenesta og organisasjonar som Sjømannskyrkja (der den finst). Kyrkja er også ein symbolsk ressurs i den meininga at den representerer ”det norske” i ein samanheng der den nasjonale identiteten vert tydelegare enn heime, i og med at utlandet er ”dei andre” sin stad. SMK som nasjonalt symbol og som formidlar av det nasjonale i ein religiøs samanheng er tema for fleire forskingsarbeid (Rørvik 2005; Østerbø 2007; Aagedal 2007). Kva dei ulike typane av ressursar tyder for brukarane, vil truleg avhenga av kva behov brukarane har og kva alternativ tilgjenge dei har til ressursar. Den doble frikoplinga er truleg viktig som ein av fleire forklaringsfaktorar når det gjeld korfor SMK er så populær.

### **Ein organisasjon kjenneteikna av romsleg gjestevenskapskap**

”Det er så hyggjeleg å koma på kyrkja”; ”det er så hyggjelege folk”, ”det er så låg terskel” og liknande utsegner seier noko om det å kjenne seg ”varmt velkomen” som gjest. Både definisjonen av diakoni og målformuleringane til SMK kan vi knytte til det etiske omgrepet ’gjestfridom’ eller sagt på ein meir uvant måte, ’hospitalitet’. Det siste er meir latin, og vi kjenner det godt frå engelsk. Grunnen til at eg ynskjer å bruke ordet hospitalitet, er at vi reint språkleg meir direkte kan knytte det til det SMK meiner når dei bruker ordet ”gjestfridom”, og på ein måte som viser utover det vi til vanleg tenkjer på med gjestfridom, men som viser til ein sentral tanke i SMK sin ideologi.

Eg er interessert i språk og i etymologi, kva ord opphavleg tyder. For meg er det slik sett interessant at det på latin finst eit ord som i ordboka vert omsett med nettopp ”gjestevenskapskap”. ”Gjestevenskapskap” var elles eit ord eg trur aldri eg hadde høyrte før eg kom i kontakt med Sjømannskyrkja. ”Gjestevenskapskap” er eit ord som ikkje finst i Bokmålsordboka (Landrø og Wangensteen 1993), berre i Nynorskordboka (Hovdenak 1986). Der er det forklart som ”a) gjestmildskap, b) i e[ldre] tid: ordning mellom personar med å bu og leve gratis hos kvarandre, knyte g- med ein” (Hovdenak 1986).

Det latinske ordet for gjestevensskap er *hospitium*, avleidd av ordet *hospes* = framand, gjest eller gjestevenn (= vert, gjestgivar). Det engelske ordet for gjestfridom, «hospitality», har dette latinske opphavet. I det følgjande vil eg dra nytte av den britiske teologen Luke Bretherton og hans undersøking av omgrepet i den kristne tradisjonen slik han har skreve om det i si doktoravhandling om “*Christian witness amid moral diversity*” (Bretherton 2006). Han definerer ikkje omgrepet eksplisitt i avhandlinga. For å utvikle forståinga av omgrepet analyserer Bretherton korleis ordet er brukt i GT og NT og eller i kyrkja si historie. I den kristne tradisjonen kan vi oppsummere tydinga av hospitalitet på følgjande måte: Nesten som kristne skal ynskje velkomen (gjestfridom), er særleg ”den sårbare og vennelause framande” (Bretherton 2006: 139). Å ynskje nesten velkomen tyder i praksis og vera vert for, å gje rom og tid til, den framande; å vera klar og viljug til å endre sitt eige liv ”for å kunne ta imot og gje husly til den sårbare framande” (Bretherton 2006: 140). Hospitalitet som ein aktiv måte å ynskje velkomen på kan vi spesifisere nærmare gjennom at det handlar om å ynskje velkomen ”dei med lågast status”.

Imperativet å ynskje velkomen dei veike og sårbare tener som ein måte kontinuerleg å minna oss å sjå og høyre dei medlemmane av samfunnet som lettast vert marginaliserte, undertrykte eller gjort usynlege. (Bretherton 2006: 148, mi omsetjing)

Sjølv om Bretherton fyrst og fremst er opptatt av korleis kyrkja bør handle i ein situasjonen med moralsk mangfald og drøftar hospitalitet i samanheng ut frå korleis ”kristne forhold seg til sin neste” som ikkje er kristen eller som ikkje deler dei moralske verdiane kyrkja står for (Bretherton 2006: 138), så kan vi bruke dette prinsippet for sosial praksis reint allment, slik at det omfattar nestekjærleik meir generelt, heilt uavhengig av om nesten deler kyrkja sine moralske verdiar eller ikkje, om nesten er marginalisert, undertrykt eller ikkje. Oppfattar vi prinsippet om hospitalitet på denne måten, let SMK sitt hovudmål lett omformulere som hospitalitetspraksis. Forstått på denne måten, kan vi kanskje tolke gjestevensskap som ein overordna verdi i SMK.

### **Ein kyrkjeleg, kulturell og sosial møtestad for landsmenn i utlandet**

Eg vil trekkje fram baby- eller barnesong som nettopp ”*ein kyrkjeleg, kulturell og sosial møtestad for landsmenn i utlandet*”. Elles er det kanskje mest slik at desse aspekta vert ivaretatt på ulike måtar, i ulike samanhengar. Ein tidlegare sjømannsprest har sagt det slik at SMK har mange arenaer å spele på ”og framstår som et mangetydig tegn” (Mosdøl 2008: 38).



Den som kjem til kyrkja, kan sjølv velja kva for arena(er) vedkomande vil engasjere seg på. Sjølv i København som geografisk, språkleg og kulturelt ligg nær Noreg og det norske, var det m.a. unge foreldre som uttrykte at det var fint å koma på sjømannskyrkja, treffe andre som snakka norsk, andre som dei hadde same humoren som, og som ein stad der dei kunne treffa folk dei kunne bli kjent med og ha kontakt med også utanom kyrkja. Kyrkja var tydeleg ein stad for å etablere, halde ved like og utvide sosiale nettverk.

Men har ”møtestaden” sine grenser som stad for møte mellom menneske? Lat meg reflektere litt: Dei fleste – i prinsippet alle? – av tilskippingane på kyrkja er *opne* i den meininga at dei ikkje føreset fast deltaking eller avgrensa tilgang. Slik eg t.d. opplevde barnesonggruppene, fungerte dei på den måten. Kan det vera at nokre i praksis kanskje fungerer meir *lukka* enn andre? Ut frå det som har vorte meg fortalt, har eg lurt på om den viktige basargruppa kan vera ei slik gruppe. Korfor skulle den det? Nokre tankar eg gjorde meg om basargruppa og korleis den kan fungere: a) Den gjer noko som deltakarane opplever som viktig – dei er viktige for kyrkja (”å vera” og ”å elska”). b) Mange kjem att år etter år – kan dei utgjera ein meir eller mindre fast gjeng (eit ”vi”)? c) Vil det kunne danne seg grenser for kva og kven som vert invitert inn? Eg veit ikkje av andre typar grupper eller tilskippingar av dette slaget. – Dessutan, kva for ”landsmenn” er SMK kyrkje for i praksis? Kan dei nasjonale symbola og den nasjonale identiteten desse symbola byggjer opp under, verka ekskluderande? Det vert hevda at nordmenn i utlandet vert ”norskare” enn dei er heime. Det er i tråd med kva det å vera i utlendingheit har av sosialpsykologiske konsekvensar, det som t.d. har vorte uttrykt som ”hjemlengelens bittersøte nostalgi” (Bauman 1998; Mosdøl 2008: 34). Men kva for norsk identitet er det som vert bygt opp og stadfest? Er det t.d. samsvar mellom SMK og dei uttrykka vi finn der for nasjonal identitet, og den måten nasjonal identitet kjem til uttrykk på 17. mai heime? Liknar ”det norske” som SMK vert identifisert med og som norske i utlendingheit set så pris på, noko i retning av ”summen av det vi feirer 17. mai, felles historie og tradisjoner, språk og kulturarv” (Andersen 2010)?

Ein ting til som gjeld arkitektur: Til det å vera ein kyrkjeleg møtestad høyrer det å møte kyrkjelege symbol, og arkitektur er ein del av det. Ved to av kyrkjene eg gjorde feltarbeid, var det ”heilage rommet”, kyrkjerommet, ein godt synleg del av kyrkja for dei som kom som gjestar. Det gjaldt Arguineguin og Rotterdam, men ikkje København og Pattaya. I København og Rotterdam er kyrkjeromma store nok til å ha sundagsgudstenestene i kyrkjerommet, i Arguineguin og Pattaya ikkje. Det er kan hende ikkje så mykje å gjera med, men det har si symbolske tyding.

Ein digresjon: I samband med at den nye kyrkja i Arguineguin vart vigsla, fortalte Rune Birkeland, som var fyrste presten i sjømannskyrkja der, at dei hadde prata med den lokale katolske presten om å få bruke deira kyrkje til gudstenestene. Han fekk positivt svar, og då presten gav Birkeland nykelen, hadde han sagt: ”Ta ein kopi, og bruk kyrkja som dykkar eiga”. Ein gong seinare hadde Birkeland vorte beden om å koma på møte i det som svarer til dei lokale kyrkjeråda i SMK. ”Spørsmålet var korfor vi lukka døra under gudstenesta. Var det noko hemmeleg som dei ikkje skulle sjå?” Birkeland karakteriserte det som ein norsk uvane; det er det med trekk og kulde å ta omsyn til heime.

### **Ein ressurs i krisesituasjonar, i nettverksbygging og relasjonsrådgjeving**

Eg stilte ofte spørsmålet til folk eg prata med: ”Kva tyder sjømannskyrkja for deg/dykk?” eller ”Kva er bra med SMK?” – Eit av svara var ”tryggleik”, t.d. at ”det var trygt for dei å veta at om noko skulle skje, om dei skulle få behov for hjelp, så er sjømannskyrkja der”. I ein annan samanheng prata eg med ein stasjonsprest om sunamien jula 2004. Vedkomande sa at han syntest nesten det var litt flautt; dei hadde gjort så lite: Dei hadde kome, sett seg ned, lytta, lagt ei arm om ei skulder, tent lys, kome med kaffi og vaflar – det var så lite. Men det vi var samde om, var at det det i det minste handla om, var å vera til stades når behovet var der og ha TID saman med dei som trong den. Det handlar om fleksibilitet, om raskt å kunne ”snu seg rundt” for å vera der når det er trong for det. Det handlar altså om hospitalitet. Då er det ikkje berre einskildpersonar vi taler om, men stabar og organisasjon. Kven kan handle slik?

À propos det å vera ein ressurs i krisesituasjonar. Det er så mange slags «kriser» tilsette på ei sjømannskyrkje kan møte på – og som kan vekke frustrasjonar hos staben. Ein type «krise» kan gje seg uttrykk i at ein norsking ringjer sjømannspresten ein laurdag kveld og spør om han/ho kan skaffe raudost (brunost). Ei tilsvarande oppleving fortalte ein annan om - den gjaldt også raudost:

Ho mintest ein gong det kom ein som klaga på prisen på brunost: Den er ikkje så låg som på Rema heime. Ho hadde forklart noko med transport og liknande. Men vedkomande hadde stått på sitt. (Frå dagboka)

### **Ei oppsøkjande, tenande og medvandrande kyrkje**

Eg ”såg” kor mykje diakon, diakoniarbeidar, andre i staben og frivillige ”gjekk ut”, på båtar, på barar, på sjukehus, heimebesøk, i fengsel. Slik oppsøkjande arbeid, som det vert kalla, går føre seg i eit ”rom”, på eit territorium som er andres, ikkje kyrkja sitt, på ”bortebane”. Kva

inneber det? Det inneber i alle høve å tilpasse seg. Den audmykja som trengst, er vel noko SMK har jobba med i det meste av si historie. Likevel, tilpassinga kan krevja refleksjon og forståing som organisasjonen ikkje utan vidare kan vente at alle som representerer den, har heilt spontant. Eg prata med både bareigarar og med representantar for sjukehus som vert brukte av norske pasientar. Eg spurde dei kva røynsler og tankar dei hadde om SMK og deira ”oppsøkjande arbeid”. Dei eg prata med, var positive til arbeidet. Men dei som arbeidde på sjukehus, hadde også kritiske kommentarar. Det hadde med haldningar hos besøkjarar å gjera, t.d. det å koma med ein uuttalt skepsis til utanlandsk helseteneste. Det kan koma til uttrykk på ulike måtar, og kanskje ”gjera folk ekstra nervøse”. Ein sa det slik:

Når ein skal vera støtte, må ein gje tryggleik, ikkje nøre opp under frykt. Det medfører at ein må trå varsamt med kva ein gjer og seier. Stort sett går det bra, men det har vore episodar. [...] Besøkarar bør overtyde pasientar om at dei er på rett plass, roe dei ned i staden for å gjera dei reddare.

Det aktualiserer spørsmålet om kva dei frivillige som skal representere Sjømannskyrkja i det dei gjer, treng av skoling, opplæring, førebuing. Det er mindre krevjande å representere kyrkja på ein god måte som frivillig på kjøkkenet (som del av eit kollektiv) enn som besøkar på eit sjukehus (særleg om vedkomande er åleine om oppdraget overfor einskildpasientar).

På Gran Canaria vart det fortalt frå eit av sjukehusa at einskilde kristne organisasjonar (ikkje norske) hadde vorte utestengde frå å drive besøksteneste på grunn av måten dei dreiv besøkstenesta på: [pågåande] forkynnande aktivitet frå medlemmar. Inntrykket som vart formidla, var at dei som får besøk frå sjømannskyrkja, både har ynskt det sjølve og er positive. Men ikkje alle ynskjer besøk. Ein eg intervjuar, sa følgjande: ”Vi spør dei norske om dei vil ha besøk. Nokre seier nei, t.d. om det gjeld plager som rusproblem, og om dei trur det å få besøk frå kyrkja vil bli ei ekstra [moralsk?] belastning”. Er dette å oppfatte som ei utfordring for SMK?

### **Ein brubbyggjar mellom nordmenn ute og omgjevnadane**

Så gjeld det til slutt målet om å ha ein *brubbyggjarfunksjon*. Korleis fungerer det i praksis? Det synest vera så ymse. Eg fekk ikkje ordentleg tak på det. Det er kanskje eit spørsmål om språk og kultur i samfunnet rundt og kor forskjellige dei er frå nordmenn sine språkdugleikar og kulturkunnskap. Av mine stader er det såleis nærliggjande å tenkje at brubbyggjarfunksjonen er lettast å ivareta for kyrkja i København, så Rotterdam, så Arguineguin og vanskelegast i

Pattaya om vi tenkjer brubygging med utgangspunkt i t.d. språkleg, kulturell og religiøs nærleik.

Ordføraren i den kommunen kyrkja på Gran Canaria er ein del av, gav sjølv uttrykk for at han skulle ynskje at dei norske der deltok meir, m.a. i kulturlivet på øya. Han gav elles uttrykk for stor anerkjenning av det arbeidet kyrkja gjer, og var takksam for at kyrkja også tek på seg sosialt arbeid som eigentleg er kommunen sitt ansvar. – Det er i alle høve verdt for organisasjonen å reflektere over kva det i praksis kan eller bør innebera. Det slo meg nok under feltarbeid at kyrkja kan fungere som ei norsk ”boble”, ei verd for seg sjølv, lite integrert i det omgivande samfunnet. Det er truleg lett for medarbeidarar i SMK å jamføre klager her heime over at innvandrara ”held seg for seg sjøve”, at dei er for lite interesserte i å delta i det norske samfunnet osv., med observasjonar av korleis nordmenn, når dei er mange, oppfører seg i utlandet. Det mest spesielle i denne samanhengen opplevde eg i Rotterdam. Med litt overdriving – når eg ser bort frå einskilde busslastar med nordmenn som var innom kyrkja på kaffibesøk – så var det minst like mange nederlendarar som var på besøk på kyrkja som det var norske.

Kva veit dei har fått ei teneste i SMK, om staden og landet dei skal til? Korleis førebur den sentrale rekrutteringsprosessen dei på det? Kva organiserer kyrkjene lokalt for å kunne ivareta brubyggjarfunksjonen? Det var situasjonar og hendingar som gjorde at eg einskilde gonger tenkte at her kjem vi norskingar som betrevitarar av god vilje og vennleg sinnelag, som i sin konsekvens kanskje kan gje dei andre assosiasjonar til førestillingar i ”The white man’s burden” (Kipling 1899).

Ein god del av kyrkjene finst vel i område med mange fattige. Skal kyrkja bry seg om dei fattige i nabolaget, sjølv om dei ikkje er norske? Kan kyrkja med si verksemd t.d. bidra – eller bidreg kyrkja i praksis – til det lokale arbeidslivet, positivt og negativt? – Kyrkjer finst i land med styresett som for nordmenn flest og SMK-folk spesielt synest forkastelege. Skal kyrkja bry seg med det på noka vis, eller halde seg til dei norske som av ein eller annan grunn oppheld seg der og som har bruk for kyrkja?

Ta følgjande situasjon: Det vart meg fortalt at den nye kyrkja i Arguineguin, som ligg nede ved hamna, vender rett mot staden der båtflyktningar frå Afrika vert tekne inn til land av politiet. Dette er folk som har vore på sjøen i lang tid, og som er utmatta når dei kjem inn (dei som har overlevd turen). Skal sjømannskyrkja engasjere seg i deira situasjon på noko vis eller skal dei ikkje bry seg? Spørsmålet vart reist av folk eg snakka med som ikkje går på kyrkja.

Det er folk som jobbar på sjømannskyrkja i Pattaya, som har engasjert seg lokalt ved å samle inn pengar til støtte for ein barneheim i området, men ikkje på vegner av kyrkja. Slikt engasjement kjem kan hende sjømannskyrkja til gode i det biletet som lokalt vert skapt av kyrkja. Men eg snakka med fleire brukarar som var heilt på det reine med forskjellen. Likevel oppfatta eg det slik at kyrkja i Pattaya på mange måtar driv brubygging mellom den norske kolonien og thailandske omgivadar.

Lat meg nemne eit døme på kva eg lærte om korleis ei lokal sjømannskyrkje kan drive politisk arbeid ved å ta utgangspunkt i lokale tilhøve og alliere seg med media for velferdspolitiske føremål, dvs. å hjelpe menneske som er i ein veik posisjon for å kjenne til og bruke velferdsrettane sine:

**Medietrening** har vært et viktig tiltak for å bli tryggere og flinkere når vi møter media. I forkant av Norgeskurset arrangerte vi medietrening for omkring 20 sjømannsprester. Senere på året var ledergruppen samlet til en dag med tilsvarende trening. I 2007 erfarte vi også hvordan vi gjennom samarbeid med media kan oppnå resultater på områder som Sjømannskirken engasjerer seg i. Et eksempel på dette er da sjømannsprest Lars Haugan i Pattaya varslet sin bekymring for situasjonen til de thainorske barna i regionen. Drahjelp fra først VG og siden TV2 og andre medier bidro til en god dialog med barne- og familiedepartementet. De er nå i gang med å sette inn tiltak for å bedre situasjonen. (Sjømannskirken 2008)

## 5. Sjømannskyrkja som diakonal organisasjon: organisasjon, leing og diakonal praksis

Truleg er tilliten til og det positive omdømet til SMK eit resultat av at den har vore ein aktivt lærande organisasjon gjennom heile si historie. Det starta med sjøfolka som på grunn av den negative frikoplinga jobben førte med seg, bad om SMK så å seia, og at SMK var viljug til å lærdom av sjøfolka og deira synspunkt på ”kyrkja” på sjøen. SMK har evna å halde på denne fleksibiliteten og har klart å forvalte tilliten på ein god måte. Kanskje har presset på organisasjonen vore ekstra stort av di praksishistoria har skapt høge forventningar, dvs. mykje å leva opp til. Det inneber at fallhøgda er stor. Det er eit krevjande arbeid å byggja opp tillit, og det skal langt mindre til for å bryte den ned. Det krev minst, som sagt, ein organisasjon som er lærevillig. På eit av feltarbeida mine vart eg fortalt ei historie om ein tillit til kyrkja som raskt vart brote gjennom måten ein sjømannsprest reagerte overfor ein brukar i ein bestemt situasjon og korleis det som hadde skjedd, raskt spreidde seg til ein heil kategori brukarar som, som konsekvens, slutta å koma på (den) kyrkja.

Ei forteljing som døme på ”lokal tilpassing” vart formidla til meg i Pattaya i Thailand. Den gjaldt flyttinga av sjømannskyrkja frå Bangkok til Pattaya (det same gjaldt vel etableringa av kyrkjene i Spania) – eg referer saka om lag på den måten det vart lagt fram av ein brukar eg prata med:


I Bangkok var det stort sett den skandinaviske [over- og middelklassen] som nytta seg av tenestene til kyrkja. Presten her som var med på flyttinga til Pattaya, klaga etterpå til meg over at det kom så mange fleire telefonar, og til alle døgnets tider, enn det hadde gjort i Bangkok. Eg svarte at det tydde på at dette var ein meir rett stad å ha kyrkja.

Sjømannspresten i Pattaya då eg var der, fortalte om møte med norsk middelklasse og næringslivsfolk på tilskipingar på ambassaden i Bangkok etter flyttinga: Då dei fekk høyre at han jobba i Pattaya, kunne responsen vera: ”Korleis held du ut der?” med referanse til den norske kolonien i Pattaya.

Når det kjem besøkjande til kyrkja, møter dei både tilsette og andre gjestar – og kanskje frivillige. Skal kyrkja fungere som møtestad på den måten SMK har som mål, er både tilsette, frivillige og andre gjestar ein del av møtet. Korleis sørgjer SMK sentralt og lokalt for å leggja tilhøva til rette for at møta skal verta opplevde etter intensjonen? Spørsmålet vil eg presisere i fleire underspørsmål:

- 1) Korleis kan SMK sørge for å rekruttere medarbeidarar som kan bidra til å realisere fellesskapsmålet som einskildpersonar og team?
- 2) Korleis kan staben på kyrkja bidra til at ”gjestemiljøet” også speglar det opne og inkluderande fellesskapet SMK har som mål å skape for ”nye” gjestar?
- 3) Korleis kan kyrkja gjennom sine frivillige medarbeidarar bidra til at gjestane opplever eit ope fellesskap?

**Figur 1. Den lokale sjømannskyrkja som organisasjon eller system**



### Rekruttering og personalforvaltning

*Det fyrste underspørsmålet* aktualiserer organisasjonen sin rekrutteringsstrategi og personalforvaltning (jf. s. 9). Kven søker stilling i SMK? Kva skjer i prosessen mellom søknad og tilsetjing? Kva slags innføring får nye medarbeidarar i organisasjonen i verdier og arbeidsmåtar? Korleis vert nye tilsette introdusert til landet, staden og staben der dei skal arbeide, og korleis skjer den gjensidige tilpassinga i den lokale staben ved nyttilsetjingar? Det har slått meg at om det er relativt ofte utskifting i ein stab, er denne tilpassingsprosessen krevjande og kan gå ut over det arbeidet som meir direkte gjeld kontakten med gjestane og brukarane. Det skal godt personaloppfølgingsarbeid og god stasjonsleiing til for å handtere dette. Eit nytt spørsmål i denne samanhengen gjeld i kva grad dei som skal vera stasjonsleiarar, får leiaropplæring på førehand.

Eg var med på ein del stabsmøte der eg var på feltarbeid, sjølv om det ikkje var alle stader eg fekk tilgang utan vidare. Måten t.d. stabsmøte og stabar fungerte på, fekk meg til å tenkje at om stasjonsleiaren hadde hatt leiarkompetanse, vil det kunna hjelpt på måten stabane fungerte. På den tida eg gjennomførte feltarbeida mine, fekk eg inntrykk av at dei som skulle ut i leiarposisjonar på stasjonane, ikkje fekk tilbod om leiaropplæring.<sup>1</sup>

To av stasjonane ”mine” hadde diakon/diakoniarbeidar i staben. Denne posisjonen er ein særskilt posisjon for å ivareta einskilde diakonale funksjonar, men sjølvsagt uttømmer ikkje det dei gjer eller leier, totaliteten av det diakonale arbeidet på kyrkja. Den har heile staben eit ansvar for og er deltakarar i. Eit spørsmål vert då korleis funksjonane til diakon/diakoniarbeidar og dei andre i staben vert integrerte i eit heile – eller i og for seg om dét er eit mål for dei lokale sjømannskyrkjene. Med fare for å forteikne biletet av røyndomen sat eg med eit samla inntrykk frå stasjonane der eg var, at der det var diakon/diakoniarbeidar, var det desse som stod for det meste av det utoverretta eller oppsøkjande arbeidet, mens i større grad heile staben var involvert i oppsøkjande arbeidet der det ikkje var slik stilling. Påtakeleg var det også at det utoverretta arbeidet som diakon/diakoniarbeidar var involverte i, ikkje var tema på dei stabsmøta eg var med på. Det var derimot det arbeidet andre i staben var engasjerte i som del av jobben sin. På den måten fekk eg inntrykk av at diakonen/diakoniarbeidaren sitt arbeid vart nokså lite synleg i staben på desse stadene. Det kan i nokon grad hengje saman med arten av arbeidet, at det kan vera underlagt teiepliktreglar, men likevel. Om diakonen/diakoniarbeidaren sitt arbeid ikkje vert tematisert i stabssamanheng, kan det føre til ei segregering av funksjonar og eventuell kjensle av ikkje å verta verdsett som deltakar i stabskollektivet. Eg kan ikkje skjøne anna enn at ei slik segregering er uheldig for staben og for ei kyrkje som har som mål å ”leva diakonalt”. Så kan ein spørja kva rolle diakonen/diakoniarbeidaren skal ha i staben utover det konkrete arbeidet dei utfører.

Til slutt under dette punktet vil eg seia litt om motivasjon hos dei som jobbar på sjømannskyrkja. Kva er det som motiverer og stimulerer dei tilsette i arbeidet? Eg spurde mange medarbeidarar om det. Eit svar som gjekk att var at det er så variert arbeid, mellom anna det at dei møter så mange forskjellige menneske. Det var også dei som svarte at det er stimulerande å få positiv respons på det ein gjer.

---

<sup>1</sup> Etter at eg avslutta feltarbeida våren 2009, har Sjømannskyrkja byrja gje dei som skal ut i lokal leiarposisjon, slik opplæring.



Det er tilhøve i/for staben som eg skulle tru verkar stressande. Likevel synest stabane å kunne leva med spenningar og ulikskap, og i slike situasjonar likevel kunne fungere effektivt vis à vis omgjevnadane. – Reint psykologisk må det vera motiverande å leva i ein samanheng der det dei gjer, vert så positivt vurdert, både ved at dei som kjem, kjem med positive forventningar og at det dei gjer, synest å stadfeste og oppfylle desse forventningane. Både forventningane og det positive biletet vert stadfest og reprodusert gjennom arbeidet. Det medarbeidarane gjer, vil såleis truleg utløyse energi og eit ynskje om å yte ut frå ei kjensle av at ”eg gjer noko som er viktig for menneske”.

Ein kjent typologi for å klassifisere insentiv og belønningssystem i organisasjonar er utarbeid av Clark og Wilson (Clark og Wilson 1961). Dei skil mellom tre hovudtypar av insentiv:

1. materielle insentiv
2. sosiale insentiv
3. målrelaterte insentiv

Desse kategoriane bruker Clark og Wilson til å klassifisere organisasjonar etter kvar for type insentiv som er det dominerande i organisasjonane. Kategoriane uttømmer kanskje ikkje dei formene for insentiv som gjer at personar søker seg til og vert verande i SMK. Men med dette utgangspunktet er det i svært liten grad materielle insentiv som motiverer eller driv dei som arbeider i og for SMK. For staben er kanskje heller ikkje den andre typen insentiv det som tel mest; det er nok heller den tredje typen. Den tredje typen vert gjerne omtalt som det ideelle for ein organisasjon. Problemet for organisasjonen oppstår om/når målet vert oppfylt – kva skal organisasjonen og dei tilsette då finna på? Mange organisasjonar er oppretta for eit bestemt føremål, konkret og mogleg å realisere. Eit svar er å endre målet. Problem kan også oppstå om målet eller måla er formulerte slik at det/dei aldri let seg oppfylle. Då kan medarbeidarane miste motivasjonen etter kvart. Men måla for organisasjonen let seg også formulere slik at medarbeidarane heile tida har ei kjensle av å koma nærmare målet og at delmål vert oppfylte under vegs. Ein slik organisasjon er kanskje SMK. Men det kan sikkert vera fruktbart å skilje mellom kva som er dominerande insentiv hos stab og hos frivillige. Det leier meg over i det andre spørsmålet eg stilte.

### **Staben og gjestemiljøet**

*Det andre underspørsmålet* gjeld kva staben kan gjera for å bidra til eit godt gjestemiljø.

Grunnen til at eg trekkjer fram spørsmålet, er at staben kan bidra både på ein direkte måte

gjennom korleis dei møter brukarane, det vera seg på kyrkja eller andre stader, og på meir indirekte måtar. Nokon har prøvt seg på å bruke eit medisinsk språk for å karakterisere SMK: ”Organisasjonen lider av et latent hjelpersyndrom” (Mosdøl 2008: 81-82). Dei eksterne forventningane er høge; det er også dei interne, og det er ikkje støtt samsvar mellom forventningar og ressursar. Kjell Nordstokke karakteriserer SMK på den måten at den er rik på ”Marta-kompetanse”, men synest å mangle sans for ”sabbatskulturen” (Nordstokke 1999), dvs *vekslinga* mellom arbeid og kvile.

Difor er det kanskje slik at dei som søker seg til SMK, er innstilt på at arbeidet er meir livsstil enn jobb slik medarbeidarar uttrykte det heilt eksplisitt i samtalar. Eg skjønnte at hovudorganisasjonen er opptatt av å sørge for at det vert betre samsvar mellom ressursar og forventningar, t.d. når det gjeld opningstider og regulering av arbeidstida til medarbeidarane, det vi kan kalle ei modernisering av organisasjonen i retning av ein større grad av det vi kan kalle ein arbeidstakarrasjonalitet. Men det er ikkje så lett å setja grenser. Ein ting er at reduserte opningstider ikkje er populært hos faste brukarar. Ein annan ting er at det knappast er enkelt for stasjonsleiaren når nokre av staben, kanskje særleg når det kjem nye, er innstilte på å setja grenser for arbeidet, t.d. for å ivareta familien, mens andre er meir ”grenselause” i sine forventningar til seg sjølve – og snart også til dei andre, rimeleg nok. Det kan lett verta opplevd som ein vanskeleg ubalanse i arbeidsfordelinga i ein stab, med interne spenningar som følgje. Slike spenningar krev det energi å forhalde seg til, det tappar personane for energi dei elles skulle har brukt på tilhøvet til brukarane. Det krevst truleg kompetanse som leiar for å handtere slike spørsmål på ein god måte. Mellom dei tidlegare sjømannsprestane Hallvard Mosdøl har intervju (Mosdøl 2008) – han er sjølv tidlegare sjømannsprest – er det dei som meiner at mange av dei konfliktane som finst i organisasjonen, har årsaka si at stasjonssjefen ikkje har god leiarkompetanse (Mosdøl 2008: 85). Eg vart sjølvstilt i liten grad involvert i slike sider ved livet på dei stadene eg gjorde feltarbeid, men som eg alt har nemnt, såg eg sider ved livet i stabane som eg tilskreiv nettopp dette tilhøvet ved den lokale organisasjonen.

Så langt bidraget staben direkte gjev til brukarane sin velferd. Men staben kan også bidra indirekte med sitt føredøme. Eg spurte også brukarar om dette og drøfta det med dei. Ut frå røyntslene mine verkar det som om ein stab som formidlar til brukarane eller gjestane det som verdidokumentet legg vekt på, kan bidra til å gje gjestane – det gjeld særleg dei som er meir eller mindre faste – gode opplevingar – og identitet kanskje? – som får konsekvensar for korleis dei sjølve møter andre gjestar. Det heile bidreg til ”god og hyggjeleg stemning” for å

bruke uttrykk som brukarar sjølve ofte brukte når dei skulle skildre opplevinga si av å koma og vera på kyrkja, slik eg alt har sitert dei. Kan hende er både det direkte og den indirekte bidraget til staben på denne måten avhengig av kor stort besøket er. Slik eg opplevde stoda på dei stadene eg var, er det å leva diakonalt for ein stab meir utfordrande på ein stad med svært mange gjestar og kanskje meir gjennomtrekk av gjestar, enn på ein stad med færre gjestar, av di det krev meir av organisasjonen for å handtere den fyrste situasjonen på gode måtar enn den andre situasjonen.

Her vil eg vende tilbake til hospitalitetsomgrepet slik Bretherton har brukt det for sine føremål. Vi kan skilje mellom to former for hospitalitet, institusjonell – eller institusjonalisert – og personleg, eit skilje Bretherton viser alt er synleg i forkynninga til biskop Johannes Chrysostomos i Milano i det fjerde hundreåret (Bretherton 2006: 140-141). Sjølv om desse to formene kan skiljast analytisk, kjem den institusjonaliserte hospitaliteten støtt til uttrykk gjennom personars praksis, sjølv om personane, som delar av eit større system, praktiserer hospitalitet innan meir eller mindre klart definerte rammer knytt til yrkesrolla. Hospitalet representerer i kristen tradisjon ei tidleg form for hospitalitet som i våre dagar kan seiast å vera representert ved humanitære og ideelle organisasjonar og frivillige diakonale organisasjonar à la SMK.

Den følgjande opplevinga gjerde meg merksam på at institusjonell hospitalitet forstått som den måten dei som kjem på kyrkja, ventar å verte møtte på, ikkje heilt og fullt er bestemt av kontakten med staben eller dei som har ei formell rolle på kyrkja: På eit av feltarbeida mine observerte eg følgjande situasjon: Ein relativt ung mann kom inn. Han vart ynskt velkomen av ein i staben. Eg fekk han til å setja seg ned ved det bordet eg sat og snakka med han. Han var ny på staden, skulle ta til med ei utdanning på ein skole litt utanfor sentrum og heldt på å skaffe seg ein stad å bu. Han hadde med avis han hadde kjøpt og hadde lese bustadannonsar. Han ville gjerne bu nær skolen, men sidan han var ny på staden, klarte han ikkje kople annonserte bustadadresser med område i byen. Ein av dei faste gjestane på kyrkja engasjerte seg i saka, fann fram ei kart, hjelpte mannen å finna adressene på kartet og gav han informasjon og råd om kva, kor og korleis. Det slo meg at denne måten å motta ein nykomar på, den tenesta gjesten ytte ein annan gjest, kunne eg forstå som relevant for kyrkja sin institusjonelle hospitalitetspraksis. I dette tilfellet bidrog den ”gamle” gjesten sin måte å oppføre seg på overfor den ”nye” gjesten, på ein meir og mindre spontan måte til å forsterke institusjonell hospitalitet. Men då kan det jo også tenkjast at gjestar kan oppføre seg på ein

måte som – i staden for å forsterke institusjonell hospitalitet – snarare kan bidra til å undergrave den, og det på ein måte som kanskje ligg utanfor det staben har kontroll med.

Lat meg gje eit døme: Det var ein laurdag, og laurdag var dagen for grautservering. Denne dagen gjekk eg ikkje på kyrkja før eg skulle eta graut.

Det var mykje folk og kø fram til grautdisken. Då eg skulle finna ein stad å setja meg, gjekk eg med brettet mitt gjennom leseværelset og ut. Eg såg ikkje eit ledig bord verken inne på leseværelset eller ute. To stader ute sat det berre ein person ved bordet. Eg spurde om det var ledig der, men begge plassane fekk eg nei. Ved fleire av borda var det ein stol ledig, men med elles fullt bord. Eg spurde ikkje der. Då eg gjekk tilbake inn i huset og mot bibliotekdelen, kjende eg meg litt flat eller brydd. Det var inga god kjensle. Inne i biblioteket fann eg meg plass. Eg tenkte at eg er knappast åleine om å koma åleine til kyrkja og å oppleva noko slikt. Då kan du oppleva borda med menneske som sosialt ekskluderande, på tilsvarande måte som du kan oppleva når du opplever deg på utsida av ein klikk som du skulle ynskje opna seg” (dagboksnotat).

Andre som opplevde det same som eg, mista kanskje lysta til å koma tilbake og ville ikkje har opplevd seg ”varmt velkomen”. – Av tilsette fekk eg andre typar historier som også handla om korleis brukarar kan oppføre seg på ein måte som verkar ekskluderande overfor andre brukarar og korleis tilsette prøvde å gjera noko med slike mønster. Men dei kan oppleve det som eit dilemma når det gjeld kva ein gjer i slike situasjonar.

Kva kan organisasjonen gjera for å redusere sjansen for moglege negative verknader (sett ut frå organisasjonen sine sentrale verdiar) av denne forma for ukontrollert funksjon av det vi kan kalle uformelle delar av “systemet”? For det første har det ikkje vore mitt inntrykk at organisasjonen på ein reflektert måte har vore merksam på denne “tilfeldige” faktoren – I alle høve synest den ikkje å verta handtert på ein systematisk måte – men her kan eg jo ta feil. For det andre kan ein måte å auke kontrollen med korleis ”systemet” fungerer som eit heile, vera å auke talet på personar som har ein formell posisjon i organisasjonen. Den lettaste måten å gjera det på, vil vera å engasjere fleire som frivillige og lære dei opp. På den måten vil ein større del av systemet vera personar med særskilte oppgåver og definerte organisatoriske roller. Det kunne kanskje hindre opplevingar av typen min ”grautgang”. Det å engasjere “landsmenn ute” til å gjera frivillig arbeid på/for kyrkja, kva har det med omgrepet hospitalitet å gjera?

Det er interessant å minnst at ordet ”hospes” på latin tyder både gjest og vert. I avhandlinga si viser Bretherton til forteljingar om Jesus i Det nye testamentet (NT) som Bretherton tolkar slik at Jesus nokre gonger skiftar mellom rolla som gjest og som vert, men han utviklar ikkje denne førestillinga i særleg grad. I samanhengen vår ser eg det som

fruktbart å inkludere begge rollene i omgrepet (organisatorisk eller insitusjonell) hospitalitet. I den grad hospitalitet inneber å møte ein person med respekt og verdigheit, bør det også tyde å vera merksam på personen sin trong til å bidra materielt, sosialt eller kulturelt. Frå NT er det rimeleg å tolke t.d. korleis Jesus møter Sakkeus og inviterer seg heim til han (Luk. 19,2ff.), som å definere Jesus som gjest sjølv om han kanskje heime hos Sakkeus og i alle høve i andre samanhengar går inn i rolla som vert. I forteljinga i Joh. 4,4ff (møtet med den samaritanske kvinna ved Sykars brønn) er det noko av det same; Jesus som både ”gjest”, som er tørst og bed om noko å drikka, samstundes som han er vert ved at han står fram som forvaltar Guds nåde. Ei av dei store forteljingane i skjønslitteraturen om det å kjenne verd som person gjennom å få yte, er for meg boka ”East of Eden” av John Steinbeck (jf. filmen med James Dean).

Frå eit velferdsperspektiv inneber det å gå over frå å vera gjest til frivillig ei endring i posisjon i organisasjonen frå ein som vert tent til ein som sjølv tener, frå primær status som tenestemottakar til primær status som tenesteytar. Begge posisjonane eller rollene bidreg til personen sin velferd. I fyrste posisjonen kanskje materielt (mat, pengar) (”å ha”) og/eller sosialt (”å elska”); i andre posisjonen handlar det kanskje meir om behovet for sjølvrealisering (”å vera”). Frå ein velferdssynsstad tyder det at SMK har viktige funksjonar som heime elles vert ivaretatt av velferdsstaten, ulike delar av sivilsamfunnet, familie og sosiale nettverk (jf. s. 16). Dette vert enda tydelegare i krisesituasjonar, både av individuell og kollektiv art gjennom dei avtalane SMK har med UD, med Europeiske Reiseforsikring og bedriftsavtalane.

## **Dei frivillige og gjestemiljøet**

*Det tredje spørsmålet* handlar om både staben sitt tilhøve til dei frivillige, fellesskapet mellom dei frivillige og korleis dei frivillige møter gjestane. Er kyrkja sitt møte med og staben sitt tilhøve til dei frivillige prega av dei verdiane som verdidokumentet held fram og primært synest å gjelde staben sitt møte med gjestane? Ein grunnleggjande føresetnad for å realisere dei verdiane verdidokumentet presenterer, er at gjestane og andre brukarar møter representantar for kyrkja som har tid til dei. Der det er frivillige medarbeidarar på leseværelset, t.d. slik som vinterassistentane, er det å ha *tid* til å setja seg ned og prate med gjestar viktig for å gjera kyrkja til den møtestaden SMK har som intensjonen sin å skape. På ei kyrkje der det daglege besøket er stort, er det uråd for staben å ha så mykje ”tid” at kvar som kjem som gjest, kjenner seg vel mottatt av kyrkja, med den personalressursen som til vanleg finst, inkludert staben. Når besøket aukar på ei kyrkje, kan det nettopp gå ut over kor

”tette” relasjonar det er mogleg å ha til gjestane. Men det kan ha både positive og negative sider. Tette relasjonar kan nok vera tilfredsstillande for ein del brukarar, men kanskje ikkje for slike som ynskjer kontakt, men treng meir ”rom” eller tid for å kjenne seg trygg.

Både for staben og for dei frivillige er det viktig å kjenne tilhøyring til kyrkja og dei andre i organisasjonen. Mosdøl skriv at medarbeidarsamlingane til SMK, t.d. à la Norgeskurset, er prega av ein ”fortellingstradisjon” som inneber å gje medarbeidarane ei kjensle av å vera ein del av noko større, eit større fellesskap (Mosdøl 2008: 72-73). Han skriv at han som sjømannsprest vart lært opp til å gje brukarane same kjensle av tilhøyring, noko som kom til uttrykk i det han omtaler som det medvitne tilhøvet organisasjonen har til frivilligdom, å gje folk ”aksjer i det som skjedde på kirka” (Mosdøl 2008: 74). I eit organisasjonsperspektiv handlar det om å halde ved like medarbeidarane, deira organisasjonsidentitet eller tilhøyring til organisasjonen, både for å halde organisasjonen saman, for å halde dei lokale stabane saman, familiane som arbeider ute og for å halde engasjementet ved like, det engasjementet som grunnlaget for SMK som diakonal organisasjon.

Verdidokumentet spesifiserer ’tilhøyring’ som ein verdi for SMK, men ikkje ’mening’. Kanskje er det innebygd i det som står under andre overskrifter. Mange frivillige eg snakka med, hadde meldt seg som frivillige på kyrkja ut frå eit ynskje om å bidra med noko som gav livet der mening for dei, i tillegg til at det gav sosial og åndeleg tilhøyring. Fleire meinte det er eit stort potensial av frivillige som per i dag ikkje er engasjerte. Samstundes var det nok eit felles trekk ved dei stadene eg var, at dei la vekt på å engasjere frivillige med tanke på gjera livet betre både for dei det gjaldt og for kyrkja eller dei andre brukarane, ikkje berre ved å ta imot dei som melder seg på eige initiativ, men ved aktivt å ta kontakt med slike for å spørja dei om dei kan tenkje seg å engasjere seg . Å få det til på ein god måte føreset at organisasjonen har kapasitet til å ta imot og organisere dei frivillige.

Korleis gjera det på ein god måte? Kven skal rekruttere, organisere, leie og følgje opp frivillige? 2009 var året der frivilligdom var tema på medarbeidarsamlinga i SMK. Eg deltok på ei av dei. Eg minnest ikkje om alle desse spørsmåla var oppe til systematisk drøfting der. Men under feltarbeida mine såg eg praksisar som eg tenkte kunne ha vore meir effektive om staben hadde tenkt på ein litt annan måte om dei frivillige – det var i alle høve slik eg tenkte, om det no var gode grunnar for det eller ikkje. I utgangspunktet tenkjer eg at jo meir ein stab kan delegera frå seg av ansvar, jo betre er det for alle partar. Det gjeld også ansvaret for dei frivillige. Kva gjer ein stab når dei som melder seg til frivillig teneste, er fleire enn dei maktar

å følgje opp? Den kan avfinna seg med situasjonen, innsjå at den ikkje har kapasiteten som trengst. Dei som melder seg som frivillige, får ingen respons (eller vert avviste). Eg snakka med brukarar som hadde opplevd dette og var skuffa. Eg kan tenkje meg at det kan ha konsekvensar for sjølvkjensla: ”Er det ikkje bruk for meg?”

Ein alternativ strategi i ein slik overskottssituasjon er å delegere til frivillige å rekruttere, organisere, leie og følgje opp frivillige. Kanskje finst det mellom dei frivillige dei som har røynsler nettopp med slikt frivilligarbeid, kanskje kan nokon i staben lære opp frivillige til desse oppgåvene. For her opererer vi med to nivå av frivillige som begge treng at dei vert ”sette”, lærte opp til det dei skal bidra med og følgde opp. Eg viser m.a. til det eg sa om å bruke både stabsmedarbeidarar og frivillige i oppsøkjande arbeid på sjukehus. Til det trengst det kompetanse. Men ved å late frivillige ta ansvar for og engasjere frivillige, aukar kapasiteten til organisasjonen til å leva i samsvar med verdiane i verdidokumentet. På samlinga for medarbeidarar i Asia-regionen i 2009 nemnde ein av føredragshaldarane (Nora Blåsvær) familien som modell for SMK i denne samanhengen. For staben kan det innebera å våge sleppe kontrollen med dei frivillige, men at staben har ein funksjon ved å rettleie frivillige for å utvikle dei, i tillegg til å ha ein tilsynsfunksjon. Vi kan tenkje oss dette i praksis på to nivå der det er trong for det: rettleie og utvikle og ha tilsyn med frivillige som i sin tur kan ha same funksjonane for andre frivillige som dei har ansvaret for.

”Grautgangen” min hin laurdagen var eit døme på korleis gjestane på kyrkja kan bidra til å undergrave det kyrkja ynskjer å stå for. Det er eit døme på korleis det vi kan kalle for ”den uformelle organisasjonen” kan verke på ein måte som er i strid med det staben prøver å gjera verkeleg som måte å leva diakoni på. Eg har alt sagt noko om kva organisasjonen kan gjera for å redusere sjansen for at brukarar skal oppleve slike ”dysfunksjonar” i organisasjonen. Lær opp frivillige, inkluder dei i eit fellesskap på ein slik måte at dei får eigarkjensle til ”prosjektet” og lat dei oppleve at dei er viktige for andre og for kyrkja.

Implisitt i den forteljinga eg starta med er det eit skilje mellom eit sosialt og eit religiøst område eller eit sosialt og eit religiøst aspekt ved kyrkja og det som skjer der. SMK er overordna ein religiøs organisasjon og det kom tydeleg fram under feltarbeida mine, særleg i intervju med tilsette. Ein del av organisasjonsideologien handlar om stadiar eller nivå av integrasjon i den universelle kyrkja (meir enn SMK som organisasjon). Ein av vegane ”innover” er vegen mellom borda som har symbolsk tyding i SMK: frå kaffibordet til biljardbordet til nattverdbordet. I eit religiøst perspektiv er det rimeleg å tolke borda slik at dei representerer ulik grad av sentralitet i eit symbolsk rom, der nattverdbordet er i sentrum og

kaffibordet meir i ytterkanten. Apropos, det var berre éin stad eg var, der eg så at det fanst eit biljardbord, og eg såg det ikkje i bruk. No er det kan hende gruppene og andre slags tilskipingar som har kome i staden for biljardbordet som symbol. Men eg oppfatta aldri at den symbolske tydinga av borda og deira ordning i det symbolske rommet også innebar ei ordninga av den symbolske verdien til dei som var samla om borda. For å bruke SMK sin sjølvpresentasjon er alle typane av bord delar av "heimen borte frå heimen" og dei som samlast rundt borda, er "familiemedlemar" heilt uavhengig av bordet dei samlast rundt. Borda er sett fram og er klare for at dei som er rundt deler med kvarandre, anten det er "mat", prat eller andre aktivitetar, og reint normativt vert SMK sin hospitalitet til i eit samspel mellom borda eller romma på kyrkja (Nordstokke 1999: 31).

Familiemetaforen er ikkje utan tvitydigheit. "Heimen borte frå heimen", kven sin heim er det? Kombinasjonen av heim-metaforen og den etiske verdien hospitalitet forstått som gjestfridom, kan vi tolke i retning av at "heimen borte frå heimen" er nokons opne heim der gjestar er ynskte velkomen. Det er ikkje gjestane sin "heim", men ein "heim" der dei er inviterte til å kjenne seg som heime. Tradisjonelt har modellen vore ein patriarkalsk familie, (den mannlege) sjømannspresten er "far" og husmora er "mor", barna er borte og assistentane er i teneste hos "familien". Familiemetaforen har grenser: Den lokale kyrkja er ein organisasjon av arbeidstakarar med ei arbeidsdeling med delvis overlappande ansvar, men det vert venta av dei tilsette, "familiemedlemene", at dei overskrider "arbeidstakarrasjonaliteten" til fordel for det som har vorte kalla "omsorgsrasjonalitet" (cf. Wærness 1987), dvs. ei form for rasjonalitet som har "den andre" sine behov som utgangspunkt.

Ein annan veg inn i den universelle kyrkja via SMK etter organisasjonsideologien, men kanskje mindre eksplisitt uttalt, er vegen frå å vera "gjest" eller "besøkjande" til "sosialt frivillig" til "kyrkjefrivillig" (mine ord). Med "sosialt frivillig" meiner eg å gå inn i ei organisatorisk rolle som inneber alle slags sosiale aktivitetar utan materiell kompensasjon. Med "kyrkjefrivillig" meiner eg å gå inn i ei organisatorisk rolle som fyrst og fremst er knytt til religiøse ritual og aktivitetar, slik som tekstlesing i gudstenesta, nattverdsmedhjelpar og det å delta i innsamlinga av kollekt.

Ei av kjerneforteljinga i SMK handlar nettopp om denne vegen. Det er forteljinga om danske Johannes Nielsen og møtet hans med sjømannskyrkja på Gran Canaria. Han budde i periodar (?) på Gran Canaria, og ein dag hadde han litt tilfeldig funne ut at SMK hadde starta regulære gudstenester i ei av dei lokal kyrkjene – dette var før det var eiga sjømannskyrkja der. Johannes gjekk til gudsteneste og fortalte seinare at han hadde skreve til kona heime at



han hadde møtt ein norsk prest som syntest å preike det han levde for og som trudde på det han preika. Dessutan hadde dei sunge ein salme han ofte hadde sunge i barndomen og som han hadde gode minne knytte til. Opplevinga gjorde sterkt inntrykk på Johannes. Før dette hende, kunne han mest ikkje hugsa sist han var i kyrkja heime i Danmark. Om lag slik er det Kjell Bertel Nyland, tidlegare generalsekretær i Sjømannskyrkja, refererer historia i eit nummer av Bud & Hilsen. Så spør Kjell Bertel vidare: Korfor måtte Johannes heilt til Gran Canaria for å syngje songen på nytt? To svar gjev han: For det eine hadde han mykje betre tid enn han hadde som ingeniør heime. For det andre hadde han vorte utfordra til å delta i frivillig arbeid på kyrkja, ikkje berre på grunn av hans praktiske dugleikar, men meir enn det: Ein søndag hadde han vorte spurt om å gå med kollektbøssa under gudstenesta, og det var noko han aldri hadde trudd han skulle verta spurt om. Nyland siterer Johannes: ”Meir og meir forstod eg at eg høyrde til i kyrkjefellesskapen” (Nyland 2009). På følgjande vis har eg notert frå Rune Birkeland si forteljing om Johannes Nielsen i samband med innviinga av den nye kyrkja i Arguineguin i november 2008:

Rune [Birkeland] fortel om *Johannes Nielsen* (han har fått løyve frå enka). Han var dansk, ingeniørutdanna og svært dugande snikkar. Han kom og melde seg til teneste på kyrkja. Han var svært aktiv i arbeidet med å byggje om det huset dei skulle bruke til den fyrste eigne kyrkja her. Etter kvart kom det fram at han hadde eit rusproblem. Han heldt seg borte, særleg frå gudstenesta. Ein av dei tilsette som hadde treft han i byen, hadde sagt: ”Du er velkomen uansett”. – Ein gong kom han til gudsteneste, ikkje heilt edru. Kyrkjeverten (det var vel han han hadde prata med i byen) hadde gitt han salmebok og sett seg ved sida av han i benken. Då det skulle vera ofring – det var dei tilsette som gjekk rundt med korgene – gjekk han som sette seg ved sida av Johannes, og henta ei korg og gav til Johannes for at han kunne gå med korga. – Det var mange tårer då, sa Rune, inkludert Rune sjølv. Han var svært takksam for å vera prest i slik ei kyrkje. (Feltdagboka Arguineguin)

Er det støtt slik det verkar i organisasjonen? I ei av dei lokale kyrkjene fortalte ein av prestane meg at ein av dei regulære brukarane hadde vorte engasjert som sosialt frivillig og seinare som kyrkje-frivillig. I ein lengre periode hadde personen vore tekstlesar i gudstenesta. Det vart det slutt på då personen mottok negative reaksjonar frå andre på at personen var tekstlesar utan å vera truande. Forteljinga illustrerer på nytt kva makt den uformelle delen av organisasjonen kan ha utan at den formelle delen har meir enn delvis kontroll med det, og på ein måte som kan påverke den institusjonelle hospitaliteten til både å forsterke og undergrave hospitaliteten som praksis i systemet som heilskap. – Eg veit ikkje om fleire frivillige eller meir systematisk opplæring av frivillige kunne ha hjelpt i denne situasjonen.

## Litt om SMK som frivillig organisasjon og om funksjonell spesialisering

Til slutt vil eg peike på trekk ved organisasjon på makronivå som vart kommenterte og vurderte av personar eg prata med under feltarbeida. Det handlar om forskjellar mellom den norske og den svenske utanlandskyrkja. I ein samanheng under eitt av feltarbeida mine trefte eg ein svensk prest. Det var ei kvinne og ho sa at ho var overarbeidd. Det var altfor mykje å gjera for ein person. Ho sa ho hadde sagt tydeleg frå heime. Det er dårleg kommunikasjon med nemnda i Sverige. Dei må presse på. Det er besøk derifrå i nokre periodar av året, men dei ser ikkje korleis det er resten av året.

Styrelsen for Svenska kyrkan i utlandet (SKUT) er ei nemnd i Svenska Kyrkan og altså ein del av kyrkjeinstitusjonen og den sentrale kyrkjeorganisasjonen. Dei tek avgjerdene som gjeld dei store linjene, og synest ikkje alltid å konsultere lokalt(?). På den andre sida er utanlandskyrkjene meir sjølvstendige enn sjømannskyrkjene, m.a. økonomisk. Dei må klare seg sjølve. Det finst ikkje avtalar tilsvarande den mellom SMK og staten (beredskap) og mellom SMK og Europeiske Reiseforsikring. I følgje presten eg prata med, er mannskapssituasjonen er verre enn i Noreg. Presten fortalte ho hadde arbeidd saman med ei lokal sjømannskyrkje som eit samarbeid mellom SMK og SKUT. Det var visst ikkje lett. Ho sa det var samarbeidsproblem på grunn av ulik organisasjon og ulik kultur. Presten tenkte at noko forskjell også ligg i det at presten har ulik sosial status i det norske og svenske samfunnet: Ho meinte presten har lågare status i Sverige enn i Noreg. Det inneber liten grad av autoritet knytt til presten. Brit Marie Hovland, som var knytt til Diakonhjemmet høgskole ein del år, har skreve eit kort notat om dei skandinaviske utanlandskyrkjene eller sjømannskyrkjene. Ho skriv at både SKUT og forløparen innan Svenska kyrkan vart til etter omfattande statlege utgreiingar og med statleg styring av verksemda. Såleis har SKUT eit heilt anna organisatorisk utgangspunkt enn SMK. Den norske løysinga i form av ein frivillig organisasjon kan vi sjå på som den rake motsetninga til den svenske løysinga. Den norske løysinga gjer nettopp eit poeng av fleksibiliteten til ein frivillig organisasjon (Hovland [udatert]). Denne løysinga har organisasjonen stått hardt på opp gjennom historia, og dei som har leidd organisasjonen, synest å ha klart å utnytte potensialet på ein måte som har gitt organisasjonen ein svært høg grad av tillit og positive assosiasjonar i den norske befolkninga.

Ein liten kommentar til slutt: Har storleiken på verksemda på kyrkja konsekvensar for kor spesialisert arbeidet vert, konsekvensar for kor variert arbeidet til dei einskilde i staben vert, konsekvensar for sjansen for at det utviklar seg eit statushierarki i staben? Fyrst og fremst er det eit spørsmål til ettertanke, men eg stiller ikkje spørsmålet rett ut av lause lufta, og det er

eit spørsmål som melder seg meir allment ut frå vanleg organisasjonsforskning – og i og for seg ut frå egne røynsler med små og store kommunar heime. Eg skjønnte t.d. at om sjømannspresten stiller seg bak disken og elles er mellom dei som er på leseværelset og tek imot nye gjestar og pratar med dei, er det viktig, ikkje berre for gjestane, men også for den interne kjensla av likeverd og solidaritet i staben. På ei kyrkje med stor tilstrøyming og mykje å gjera, kan det vera at presten – særleg relativt til forventningane frå dei som kjem på besøk, er mykje mindre tilgjengelege enn elles, at dei som arbeider på kjøkkenet, vert temmeleg låste til det arbeidet, at diakonen i det store og heile vert opptatt med sosialsaker og sjuke- eventuelt heimebesøk, arbeider ute og i liten grad har tid til grasrotarbeid på kyrkja, og dermed er lite synleg for dei andre i staben, osb. Om vinterassistentane vert åleine om å ”dra lasset” om morgonen og kvelden når det gjeld å rydde stolar, så kan dei kanskje oppleve det som ei mindre viktig oppgåve enn det dei andre gjer. Bidreg presten, kan det vera av di ”det er morosamt” som ein av dei sa. Men det har stor symbolsk tyding også, kva no presten sin motivasjon enn måtte vera.

## 6. Kva har kyrkja heime å lære av kyrkja ute?

Kva har kyrkja heime å lære av kyrkja ute? I si innstilling til Odelstinget om lov om Den norske kyrkja skriv kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget i 1996 m.a.:

Sjømannsmisjonen, Den norske kyrkja i utlandet, [er] eit eksempel på ei folkekyrkje som foreiner åpenheit, service og omsorg med kyrkjelege handlingar og forkynning av evangeliet. [...] [K]yrkja må styrkast som eit senter for tru, kultur og kvardagsspørsmål. Ei open og inkluderande folkekyrkje må vere til stades når folk har behov for omsorg på det personlege plan og vere ein møteplass, der folk kan søkje indre tryggleik i fellesskap med andre. (Innst. O. nr. 46 (1995-1996))

Indirekte vert kyrkja heime jamført med kyrkja ute, med Sjømannskyrkja. Idealet for kyrkja som fleirtalet i komiteen presenterer, er i denne samanhengen SMK. I kommentaren sin til lovframlegget trekkjer komiteen også fram Kirkens Bymisjon og ungdomsarbeidet i kyrkja på land som verksemder med potensial for å utvikle Den norske kyrkja. Reidar Aasbø kommenterer fråsegnene frå komiteen med at ”det synes å bekrefte den påstand at i Sjømannsmisjonen funker det, mens her hjemme funker det ikke” (Aasbø 1999: 52). Kva er det så SMK gjer som kyrkja heime ikkje får til, spør Aasbø vidare. Kva kan kyrkja heime gjera for å oppnå ein posisjon tilsvarande den SMK har hos norske i utlandet? Han freistar å svare med utgangspunkt i intervju med menneske som har vore aktive i SMK og sidan kjem tilbake til kyrkja heime. Han konkluderer artikkelen med at den største skilnaden mellom kyrkja ute og heime mest truleg er plasseringa, ute eller heime.

At kyrkja ute både er vellukka i sosial så vel som i religiøs samheng, kan vi sjå ut frå samanliknbar gudstenestestatistikk. I tabellen samanliknar eg gudstenestebesøk per år i kyrkjene heime og i SMK sin regi ute. Mens Den norske kyrkja har opplevd nedgang i gudstenestebesøk i perioden 2006-2009, har SMK opplevd oppgang. Dette er eit grovt mål. I det heile har SMK stadig fleire besøk samla sett gjennom den aktuelle perioden – unntatt 2009. Det kan spegle at det er stadig fleire norske som reiser utanlands. For å seia som

### Talet på deltakarar i gudstenester i Den norske kyrkja, på fastlandet og ute (SMK) 2006, 2008 og 2009.

	2006	2008	2009
Kyrkja heime	6 582 921	6 330 752	6 231 449
Kyrkja ute (SMK)	113 050	115 336	114 698

*Kjelder:* Statistisk sentralbyrå og Sjømannskyrkja.

sosialøkonomane, ”under elles like vilkår” vil det då også vera naturleg at fleire kjem til gudsteneste ute utan at det er ein større del av dei som reiser, som kjem til gudsteneste.

Kva meir kan vi seia om skilnadane folk opplever mellom kyrkja heime og ute, som det eventuelt går å ta lærdom av heime?

Eg har alt tidlegare sagt noko om kva eg tenkjer om kva det inneber å reise ut, vera eller opphalde seg i utlandet av det eg kalla positive og negative frikoplingar som i begge tilfelle aukar sjansen for at norske i utlandet kjem på kyrkja i og med at kyrkja fyller så mange ulike funksjonar for folk ute.

Eg vil gjerne vise til kva ein dansk student eg prata med på kyrkja i København, sa etter ei gudsteneste. Det følgjande er henta frå eit dagboksnotat eg skreiv på bakgrunn av samtalen:

Eg spurde henne kva som hadde slått henne då ho var her fyrste gongen. Det som hadde slått henne, var at sjømannskyrkja hadde så mykje rundt gudstenesta som ikkje finst i danske kyrkjer: kyrkjekaffi, middag, leseværelset, lesesal; det er *hyggjeleg* her – ein vert godt tatt imot. Her er det støtt kaffi og vaflar, og einskilde i personalet kan spesielt tilgodesjå studentar. Her kan dei gå frå lesesalsplassen utan å vera redde for tjuveri. – Det er ei fellesskapsorientering meir enn berre å koma til gudsteneste og så gå att.

Igjen vert det vist til at sjømannskyrkja fyller fleire funksjonar på sundagar (og elles) enn kyrkja gjer heime, ikkje minst fellesskapsfunksjonen, ein funksjon som står i sentrum både i definisjonen av diakoni og av verdiane til SMK. – Ein annan student ein annan stad sa at kyrkja ute er meir av eit samfunnshus, ikkje berre ei kyrkje, eit samfunnshus som støtt er ope, mens kyrkjene heime er stengde.

Nokon sa at det SMK praktiserer, er å sjå dei som kjem, ta dei i handa og ynskje velkomen. Det gode med kyrkja er at den på denne måten bidreg til å gje folk sjølvkjensle. Vedkomande nemnde som døme ein person, sikkert tidlegare sjømann, med røff utsjånad, som han har sett rundt andre stader med pose med flasker i handa, som bruker koma på gudsteneste. Då set han seg langt framme og han skriv kvar gong i gjesteboka. Det svarer til kva også andre sa om SMK, om kva som er bra: ”Det er enkelt: Det er ingen terskel.” Her er det ”ingen betingelser, ingen forpliktelser.” Han fortalte om norske uteliggjarar som kunne koma inn på kyrkja, få vaffel og kaffi, få sova i eit hjørne – og ikkje bli kasta ut om dei ikkje var edrue. Dette vert sagt om SMK, men det ligg eit samanliknande perspektiv bak: Slik er det ikkje i kyrkja heime.

Det er freistande å trekkje fram ein forskjell mellom kyrkja heime og ute i forlenginga av det førre punktet: Eg trur at i begge tilfelle tilpassar ”kyrkjelyden” eller presten seg dei som utgjer den faktiske gudstenestelyden eller ”kyrkjelyden” av dei meir aktive der. Om det

er tilfelle, vil det som skjer i kyrkjene lokalt, det vera seg heime eller ute, vera prega av livsverda, av den sosiale klassetilhøyringa og religiøse orienteringa til dei som er ”kyrkjelyden”. Truleg er desse kyrkjelydane temmeleg ulike samansett. På grunn av at dei norske som er i utlendingheit, lever meir utsett i utlandet enn dei som er heime, vil meir ulike personar finna vegen til kyrkja og til dei som arbeider der, enn tilfellet er heime. Dessutan inneber det å vera prest i kyrkja heime ein del andre oppgåver enn det å vera prest inneber i SMK. Difor vil forskjellane i oppgåver, i den strukturen dei er del av, kunne føre med seg forskjellar i nærleiken til dei menneska som er kyrkjelyden. Slik sett vil dei som jobbar i kyrkja ute, få nærleik til andre livsrøynsler, til andre – eller fleire typar av – livsverder enn dei som arbeider i kyrkjelydane heime.

Reidar Aasbø, som eg har vist til tidlegare, konkluderer litt tilsvarande. Hans analyse er at dei norske koloniane i utlandet er sosialt tette og at dei som arbeider på kyrkja, er ein del av dette tette nettverket. Det legg til rette for at dei tilsette vert påverka av denne situasjonen. Dei vert meir jordnære meiner Aasbø, meir opptekne av det som pregar kvardagen, meir folkelege og meir ”opne” (Aasbø 1999: 57-58). I Noreg, heime, er situasjonen annleis. Kyrkja er ein mindre sentral stad for folk enn ute, nettverka er lausare og dei som arbeider i kyrkja, får berre unntaksvis den nærleiken til folk som dei får som bur ute. Aasbø konkluderer denne analysen med at han trur ”utfordringen [til kyrkja heime] ligger i at kirka må komme tettere på folk, både i hverdag og til fest” (s. 58). Han trur spesielt at folk saknar det han omtaler som ein ”menneskelig prest” – ikkje av di slike ikkje finst, men av di dei ikkje møter dei.

Det er i denne samanhengen interessant kva Hallvard Mosdøl skriv om korleis naboar på austkanten i Oslo reagerte då dei hadde (av andre) fått veta at han hadde fått stilling som sjømannsprest:

Jeg husker en kirkekritisk nabo som ringte på døra hjemme [...] for å gratulere, påtagelig begeistret over at eg var blitt ”sjømannsprest”. Det var tydeligvis noe annet enn jeg hadde vært fram til da, en – i hans øyne – ganske alminnelig, kjedelig prest i en ualminnelig kjedelig statskirke. [...] [D]et begynte å gå opp for meg hvor mye *forventninger* har å si. For denne naboen var Sjømannskirken definitivt noe positivt, og fra det ene øyeblikket til det andre var jeg blitt en likandes kar. Helt uforskyldt. Det var en pussig opplevelse. (Mosdøl 2008: 10)

Mosdøl skriv vidare at det verkar som om forventningane hos folk til kyrkja er forskjellige når det gjeld kyrkja heime og ute – in casu SMK. Til kyrkja ute har dei positive forventningar; til kyrkja heime er skepsisen meir utbreidd. Mosdøl refererer også prestar som karakteriserer forskjellen mellom kyrkja ute og heime ved at den fyrste er prega av ein inkluderande kultur,

der folk vert møtte med entusiasme, dei er dristige i det dei gjer, mens kulturen i kyrkja heime er prega av varsemnd på alle nivå (Mosdøl 2008: 43). Det er ikkje unaturleg å sjå det i samanheng med det eg trekte fram som skilnad mellom korleis den norske og svenske utanlandskyrkja er organiserte. Det at SMK er ein frivillig organisasjon, kan i seg sjølv bidra til å forklare ein del forskjellar mellom kyrkja heime og ute. Difor er det heller ikkje rart at kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget trekkjer fram Kirkens Bymisjon heime som ein stad som gjev håp for kyrkja framover. SMK og bymisjonane i Noreg har det til felles at dei er frivillige organisasjonar som har hospitalitet som grunnverdi i den meininga Bretherton utviklar forståinga av omgrepet.

Eg er også freista til å trekkje fram att det eg nemnde om endringa av lokalisering av sjømannskyrkje i Thailand, frå Bangkok til Pattaya. Hovudpoenget i denne samanhengen kan ikkje vera å selja ei kyrkje for å byggje ei ny ein annan stad (eller ta i bruk eit eksisterande bygg som nytt kyrkjehus). Det er viljen til å bryte opp ut frå ei forståing av den aktuelle situasjonen og kva idealet om hospitalitet utfordrar til. Slik eg tolkar samtalan mine under feltarbeidet i Pattaya, var det fleire både i og utanfor kyrkja som såg det på same viset og som leidde til at kyrkjestaden vart flytt. Kanskje har dét som ein føresetnad den aktive haldninga SMK har til dei organisatoriske omgivingane der dei er? Eg innbillar meg at kyrkja heime også har noko å hente av inspirasjon her.

Kva meir kan kyrkja heime lære av kyrkja ute? Slik eg ser det, finst det strukturelle tilhøve, m.a. at vi framleis har ei statskyrkje, som legg nokre føringar for kva det er realistisk å vente at kyrkja heime kan få til – i tillegg til det at kyrkja ute altså opererer ute, med alt det det inneber. Det som kjenneteiknar SMK som organisasjon og system eller fellesskap, er meir likt det som kjenneteiknar religiøse minoritetar heime, inkludert dei kristne frikyrkjene. Likevel har ikkje dei ord på seg verken for å ha låg terskel eller at det er enkelt å koma dit utan at det vert stilt krav og forventningar. Ein skilnad mellom dei er at frikyrkjene har ein temmeleg stabil medlemsmasse som dermed står i fare for å utvikle ekskluderande fellesskap. - Eg vil likevel trekkje fram eit par døme eg har sett i Den norske kyrkja heime på tilhøve eg elles assosierer med kyrkja ute, dvs. Sjømannskyrkja. Det er ikkje meir enn eit par døme, og alt ut frå min tilfeldige og avgrensa kunnskap om norsk kyrkjeliv. Det finst mange andre døme som i like stor grad kunne fortene merksemd i ein slik samanheng.

Den eine kyrkjelyden er *Åmot på Modum*, den andre *Sauda i Ryfylke*. For å ta den siste fyrst. Eg har kjennskapen min frå eit feltarbeid eg gjorde der for nokre år sidan. Kyrkjelyden sin strategi var å leggja alle slags ”litt seriøse” typar av tilskipingar til kyrkja, invitere vanlege

kor og korps etc. til å delta i gudstenester, skipa til gudsteneste på t.d. 1. mai med deltaking av lokale musikklag. Poenget, fortalte diakonen og presten, var å gjera det alminneleg å gå i



**Sauda kyrkje**

kyrkja, slik at folk ikkje skulle trengje ha berre svært bestemte grunnar for å gå til gudsteneste. Slik sett kan vi seia at målet var å gjera kyrkja og gudstenesta til ein del av lokalsamfunnet og det som allment skjer der.

Vi kom ikkje direkte inn på temaet, men eg tenkjer at dette går saman med at dei som kjem til kyrkja, skal kjenne seg velkomne der, slik t.d. den tidlegare generalsekretæren i SMK, Kjell Bertel Nyland, samanfattar opplevingar i møtet med SMK hos dei han intervjuar i undersøkinga si og som er ein del av boka ”Tolk og tjener” (Nyland 2007: 183-184). Dette er altså

berre eitt døme mellom svært mange andre moglege i kyrkja heime.

Det andre dømet, Åmot kyrkje på Modum, gjeld måten kyrkjebygget er utforma og bruken av lokala. Åmot kyrkje liknar ei sjømannskyrkje. Den har lokale for offentlege funksjonar som kommunalt bibliotek, der finst ein kafeteria nærmast med leseværelse, det finst eit kyrkjerom som er tilstøytande til desse, der dørene inntil kyrkjerommet er av glas. Dei som sit ute i kafeteriaen eller leseværelset, kan sjå inn i kyrkjerommet – utan at dei treng gå inn der. Det er mogleg å tenkje at dette er ein parallell til ideen om dei to (tre) borda på ei sjømannskyrkje, kaffibordet og nattverdbordet. Dei er ikkje langt frå kvarandre, men du kan nøye deg med å gå til kaffibordet om du så ynskjer, utan at det er noko press for å halde fram inn i kyrkjerommet, fram til nattverdbordet. Det opnar for dei formene for hospitalitet eller gjestfridom som elles er grunnleggjande verdi i SMK.

Det arkitektoniske ved sjømannskyrkjene og ved Åmot kyrkje minner meg om kultursosiologen Olaf Aagedal sin studie av bedehuset og det som skjer der (Aagedal 1988). Aagedal peikar på galleriet på bedehuset – galleriet som etter kvart forsvann som arkitektonisk element i bedehusa – og funksjonen det hadde som ein stad der du kunne vera til stades og observera på fråstand det som skjedde nede, utan å ta aktivt del i det sjølv.



**Åmot kyrkje, Modum**



Det kunne vera ein uforpliktande stad å vera, litt innanfor, men samstundes utanfor, for å sjå, vera nysgjerrig, men fri frå forventningar og press som høyrde med det å vera nede. Det kunne innebera ein stad for varsam utforsking, for å opne seg for det som skjedde nede, utan å verta slukt og forplikta av det.

Noko av haldningane frå kyrkja ute let seg overføre til kyrkja heime – i den grad det trengst. Ein av prestane Mosdøl har intervjuva, meiner at kyrkja heime har noko å lære av det han oppfattar som den modellen som ligg til grunn for SMK sin måte å vera kyrkje på, nemleg spørsmålet Jesus stiller til den blinde mannen ved Jeriko: ”Kva vil du eg skal gjera for deg?” (Luk, 18,41), og med utgangspunkt i lokale tilhøve (Mosdøl 2008: 94-95). Det inneber m.a. å verta godt kjent med dei lokale tilhøva og at dei som jobbar i kyrkja, t.d. prest og diakon, må ut og prate med folk, vera der folk er, kunne ha omgang med alle slags folk og lytte til dei på bortebane slik dei som jobbar på sjømannskyrkja er vane med. Det ber over i (andre sider ved) diakonien. SMK sin serskilte måte å vera kyrkje på handlar mykje om det å vera ei diakonal kyrkje. Dei tidlegare sjømannsprestane Mosdøl har intervjuva, har ein felles draum om at diakoni i større grad enn i dag skal gjennomsyre kyrkja heime (Mosdøl 2008: 97), at den lokale kyrkja kan tyde noko i og for lokalsamfunnet den er ein del av. Har så SMK noko å lære av kyrkja heime? Eg hadde med meg spørsmålet i dei feltarbeida eg gjorde, men det var ikkje mykje eg sat att med etterpå. Eg kan ha gjort for dårleg jobb. Det einaste som vart uttrykt, og som også kjem til uttrykk gjennom andre sine røynslar og vurderingar, er struktur og regulering av arbeidet. Eg har vore inne på temaet alt og reflektert litt over dilemmaet som har samanheng med heile det eg vil kalle kallskulturen i den pietistiske tradisjonen. Engasjement er bra, men på lang sikt er det for dei fleste naudsynleg å avgrense det, både av omsyn til eiga helse og familiens vel. Det er noko som arbeidsgjevar kan hjelpe til med.

## 7. Konklusjon

Problemformuleringa i starten av rapporten, ”*Kva vil det seia å vera norsk kyrkje i utlandet, med særleg vekt på det diakonale arbeidet?*”, er eit spørsmål vi kan tolke som både normativt og deskriptivt. Verdidokumentet kan vi tolke som eit svar på spørsmålet forstått normativt. I rapporten har eg lagt dei normative prinsippa til grunn for både å analysere og vurdere praksisen, den deskriptive sida ved problemstillinga. Perspektivet på Sjømannskyrkja sitt arbeid som moralsk praksis har også eit innebygt, om enn implisitt, normativt utgangspunkt.

Dette perspektivet er det nærliggjande å sjå i samanheng med verdidokumentet. Også Bretherton (2006) sin analyse av omgrepet 'hospitalitet' representerer ein normativ teori. Elles har organisasjonsteorien vore til god hjelp for å analysere SMK deskriptivt. Med utgangspunkt i definisjonen av diakoni i Den norske kyrkja kan vi konkludere med at Sjømannskyrkja er eit sosialt system med element som kan verke i same retninga når det gjeld å realisere det organisasjonen definerer som oppdraget sitt i verdidokumentet. Eg tenkjer på dei fire posisjonane i organisasjonen på lokalt plan, stasjonssjef, lønte medarbeidarar, (ulønte) frivillige og gjestar, og korleis deira (morsalske) praksis kan trekkje i same retninga. På den andre sida er det også mogleg at praksisen til desse elementa i organisasjonen kan trekkje i ulike retningar og svekkje resultatet i høve til det formulerte oppdraget. Minst kontroll har staben med gjestane og deira samhandling seg imellom, korleis dei møter kvarandre.

Organisatorisk er det ei utfordring til staben av tilsette. Ei særleg utfordring er rekrutteringa, sosialiseringa, organiseringa og nyttiggjeringa av frivillige. I denne samanhengen kviler det eit spesielt ansvar på stasjonssjefen. På den tida eg gjorde feltarbeida mine, syntest Sjømannskyrkja ikkje å sørge for at dei som skulle inn i lokal leiarposisjon, fekk leiaropplæring eller at dei som vart tilsette i denne posisjonen, hadde slik kompetanse frå før. I ettertid etter dette endra. No tilbyr SMK slik opplæring. – På den andre sida syntest sentralledet (Bergen) å leggja mykje arbeid og andre ressursar i å ta vare på personalet lokalt, og det i lokale organisasjonar med relativt stor grad av utskiftingar. Det er god diakoni å ta godt vare på dei som arbeider i organisasjonen. Truleg er det også ein føresetnad for at dei tilsette i organisasjonen skal vera i stand til å ha ein praksis overfor dei andre i organisasjonen og dei relevante omgjevnadane, som er i samsvar med den normative forankringa til organisasjonen. I den samanhengen er det også verdt å stille spørsmål ved kva auka spesialisering i stabane lokalt fører til. Eg har i tankane den arbeidsdelinga som syntest gjera seg gjeldane i stabar med diakon/diakoniarbeidar og mangelen på fellesskap, felles refleksjon, samarbeid og samordning av innover- og utoverretta arbeid, rundt det diakonale oppdraget.

Ut frå samtalan mine med stabane, syntest verdidokumentet i liten grad å vera i bruk i "det daglege". Men det syntest som om dei lokale kyrkjene på mange måtar maktar å vera i praksis det organisasjonen ynskjer å vera på papiret. Minst gjennomtenkt syntest kyrkja si rolle som brubyggjar mellom nordmenn ute og omgjevnadane å vera. Korleis er brubyggjaroppdraget å forstå? Det var ikkje klar semje om det. Spesielt: I kva grad inneber oppdraget at dei lokale kyrkjene skal "bry seg om" det samfunnet dei verkar i, t.d. når det gjeld politiske og økonomiske vilkår? I kva grad skal kyrkja engasjere seg til beste for dei

fattige i lokalbefolkninga eller dei flyktningane som kyrkja har utanfor dørene sine, dei som ikkje er norske?

Undersøkinga har hatt to hovudføremål, for det eine å skildre og vurdere Sjømannskyrkja som diakonal organisasjon, og for det andre å vurdere kva kyrkje heime kan ha å lære av kyrkja ute. Også Stortinget har tenkt i dei banane slik eg har vist til (s. 38). SMK synest å vera ein vellukka organisasjon sett i lys av kyrkja sitt oppdrag både når det gjeld gudstenestedeltaking og diakonal praksis. Eit av dei ”komparative fortrinn” organisasjonen har, er nettopp at den verkar i utlandet der dei norske gjestane er på ”framand grunn”. Den dobbelte frikoplinga inneber å vera i ein samanheng som gjer det lettare å besøkje ei kyrkje enn det vert opplevd heime. Denne situasjonen kan ikkje kyrkja heime gjera noko med. Den norske kyrkja heime kan kanskje ha noko å lære av SMK når det gjeld ”huset” og funksjonane huset har. Mange gjestar bruker termen ”terskel” (det manglar terskel) for å karakterisere sitt tilhøve til Sjømannskyrkja. Tilsvarende metafor vert også brukt i forvaltningsteori for å analysere og karakterisere forvaltinga sitt tilhøve til brukarane (Bleiklie, Jacobsen og Thorsvik 1979). Om terskelen vert oppfatta som lågare ute enn heime, kan det vera eit uttrykk for at ei sjømannskyrkje har inkorporert fleire daglegverdfunksjonar enn ei kyrkje heime, at kyrkja ute i større grad enn heime tener allmennmenneskelege behov, er ein sosial og kulturell stad like mykje som ein religiøs stad. Arbeidsdelinga og funksjonsspesialiseringa som kjenneteiknar det norske samfunnet og som nordmenn er vande med heime, kan redusere behovet for slike mangefunksjonelle kyrkjer heime. På denne måten kan Sjømannskyrkja for mange med norsk opphav ha tilsvarende funksjonar som moskear og andre religiøse senter har for migrantar til Noreg med annan religiøs identitet enn den kristne – eller den evangelisk lutherske – og annan etnisk bakgrunn enn den norske. I boka si om diasporaen i våre dagar skriv Milton Esman om mellombels eller varige migrantar:

They form communities, hoping to retain their inherited culture and to reproduce, as much as possible, the familiar environment of their former homeland [...] In residential enclaves in urban areas, they establish institutions to serve their distinctive religious, cultural, social, informational, entertainment, and economic needs and to relate to the society and to officialdom in their host country" (Esman 2009: 4-5).

Dette er kjenneteikn både ved dei nye migrantgruppene til Noreg og norske i utlandet. Sjømannskyrkja er ein måte dette er institusjonalisert på for dei sistnemnde.

Eit anna aktuelt moment som kan bidra til at kyrkja ute har godt rennomé, er kanskje måten medlemmar til stabane på dei lokale kyrkjene vert rekrutterte på og deira sosialisering gjennom arbeidet. Sjømannskyrkja legg andre kriterium til grunn i sin rekrutteringspolitikk enn den norske kyrkja heime. Kan hende kan kyrkja heime hente inspirasjon frå Sjømannskyrkja på dette området.

SMK har ein relativt fri posisjon som frivillig organisasjonen vis à vis Den norske kyrkja. Det gjev organisasjonen ein stor grad av fleksibilitet i positiv meining, noko som har tydd at SMK har vore i stand til å tilpasse seg endringar i omgjevnadane og behova til nordmenn ute som Den norske kyrkja heime, som organisasjon og institusjon, ikkje på same måten har hatt føresetnadar for. Heime må i så tilfelle ansvaret for slik fleksibilitet i større grad liggja på prostnivået eller hos kyrkjelydane. Sjømannskyrkja som organisasjon og aktør liknar til ein viss grad andre kyrkjeleg forankra frivillige organisasjonar heime, slike som Kirkens Bymisjon, og SMK i sin situasjon ute liknar meir på situasjonen for frikyrkjene og frikyrkjeforsamlingane heime enn Den norske kyrkja og kyrkjelydane som høyrer til der, gjer.

Eg har også vist til kva forventningar har å seia. Forventningane til Sjømannskyrkja er truleg jamt over meir positive enn forventningane til kyrkjelydane og kyrkja heime. Berre det å verta møtt med positive forventningar har konsekvensar for sjølvoppfatninga hos dei forventningane vert retta mot, og har truleg ein positiv verknad på deira praksis på dei relevante felta. Men forventningar heng saman med omdøme og omdøme har grunnlag i røymsler, eigen og andre sine. Med det er vi tilbake til praksisar, strukturar og prosessar – og til situasjonar.

## Litteraturreferansar

- Andersen, N. A. (29.09.2010). Leve kosmopolitismen! *Klassekampen*, s. 12-13.
- Anderson, B. (1996). *Forestilte fellesskap: refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*. Oslo: Spartacus.
- Angell, O. H. (2009). Diakoni som røyst? Diakonien i velferdsstaten. I: K. I. Johannessen, K. Jordheim & K. K. Korslien (red.), *Diakoni – en kritisk lesebok* (s. 215-229). Trondheim: Tapir.
- Bauman, Z. (1998). *Globaliseringen og dens menneskelige konsekvenser*. Oslo: Vidarforlaget.
- Bleiklie, I., Jacobsen, K. D. & Thorsvik, J. (1979). Forvaltningen og den enkelte. I: L. H. Skare (red.), *Forvaltningen i samfunnet: en bok om byråkrati og demokrati, planlegging og effektivitet* (s. 209-238). Oslo: Tanum-Norli.
- Bretherton, L. (2006). *Hospitality as holiness: Christian witness amid moral diversity*. Aldershot: Ashgate.
- Clark, P. B. & Wilson, J. Q. (1961). Incentive systems: A theory of organizations. *Administrative Science Quarterly*, 6, 129 - 166.
- Deth, J. W. v. & Scarbrough, E. (1995). The concept of values. I: J. W. v. Deth & E. Scarbrough (red.), *The Impact of values* (s. 21-47). Oxford: Oxford University Press.
- Dyvik, R. L. (2007). *Sjømannskyrkja i møte med mennesker i utsette og vanskelege livssituasjonar*. Diakonhjemmet høgskole, Seksjon for diakoniutdanning, Oslo.
- Esman, M. J. (2009). *Diasporas in the contemporary world*. Malden, M.A.: Policy press.
- Graeber, D. (2001). *Toward an anthropological theory of value: the false coin of our own dreams*. New York: Palgrave.
- Hasenfeld, Y. (2010a). The attributes of human service organizations. I: Y. Hasenfeld (red.), *Human services as complex organizations* (2. utg., s. 9-32). Thousand Oaks, Calif.: Sage Publications.
- Hasenfeld, Y. (2010b). Organizational forms as moral practices. I: Y. Hasenfeld (red.), *Human services as complex organizations* (2. utg., s. 97-114). Thousand Oaks, Calif.: Sage Publications.
- Hovdenak, M. (1986). *Nynorskordboka: definisjons- og rettskrivingsordbok*. Oslo: Samlaget.
- Hovland, B. M. ([udatert]). *Nasjonale kirker i global utlendighet: Danske, norske og svenske sjømannskirker i globaliseringens tidsalder - utvikling, særpreget og "misjon"*: Upublisert.
- Innst. O. nr. 46 (1995-1996) Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om 1) lov om Den norske kyrkja (kyrkjelova) og 2) lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (gravferdslova). Oslo: Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen.
- Kristoffersen, L. (2000). *Kirke hele uka: nordmenns opplevelse, forståelse og bruk av sjømannskirken: et markedsføringsperspektiv*. Copenhagen Business School, København.
- Kverndal, R. (2008). *The way of the sea: the changing shape of mission in the seafaring world*. Pasadena, Calif.: William Carey Library.
- Kyrkerådet. (2008). *Plan for diakoni i Den norske kyrkja*. Oslo: Kyrkerådet, Den norske kyrkja.
- Landrø, M. I. & Wangensteen, B. (1993). *Bokmålsordboka: definisjons- og rettskrivningsordbok* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Mintzberg, H. (1983). *Power in and around organizations*. Englewood Cliffs, N. J.: Prentice-Hall.
- Mosdøl, H. O. (2008). *Hiawatha av Kragerø: menighetsutvikling i folkekirken: impulser fra Sjømannskirken*. Oslo: Verbum.

- Nordstokke, K. (1999). *Tjeneste i verdens hverdag*. Bergen: Den norske sjømannsmisjon/Norsk kirke i utlandet.
- NOU 2006: 2. *Staten og Den norske kirke: utredning fra Stat - kirke-utvalget oppnevnt ved kongelig resolusjon av 14. mars 2003: avgitt til Kultur- og kirke departementet 31. januar 2006*. Oslo: Departementenes servicesenter, Informasjonsforvaltning.
- Nyland, K. B. (2007). *Tolk & Tjener: et bidrag til Sjømannskirkens selvforståelse og brukerforståelse*. Bergen: Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet.
- Nyland, K. B. (2009). Ulønnet medarbeiderskap. *Bud & Hilsen*, 2/2009.
- Patton, M. Q. (1980). *Qualitative evaluation methods*. Beverly Hills, Calif.: Sage.
- Rørvik, J. M. (2005). *Sjømannskirken - norsk kulturformidler og kirke: en beskrivelse og analyse av utforming og bruk av leseværer i tre ulike norske sjømannskirker*. Universitetet i Oslo, Teologisk fakultet, Oslo.
- Schneewind, J. B. (red.) (1996). *Giving: Western ideas of philanthropy*. Bloomington, Ind.: Indiana University Press.
- Simon, H. A. (1957). *Administrative behavior: a study of decision-making processes in administrative organization* (2. utg.). New York: Simon & Schuster: Free Press.
- Sjømannskirken. (2007). *Sjømannskirkens verdidokument*. Bergen: Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet.
- Sjømannskirken. (2008). *Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet: Hovedstyrets årsmelding 2007*. Bergen: Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet.
- Sjømannskirken ([2008]). *Om oss*. Henta 25 April 2008 frå <http://www.sjomannskirken.no/hoved.aspx?m=5>.
- Sniderman, P. M., Brody, R. A. & Tetlock, P. E. (1991). *Reasoning and choice: explorations in political psychology*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Stark, R. (1996). *The rise of Christianity: a sociologist reconsiders history*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.
- Stark, R. & Bainbridge, W. S. (1985). *The future of religion: secularization, revival and cult formation*. Berkeley, Calif.: University of California Press.
- Søreide, M. (2010). Klubbens historie: Kirkene våre. i *¿Qué Pasa?*, 31.
- Thielst, P. (1994). *Livet forstås baglæns, men må leves forlæns: historien om Søren Kierkegaard [Life is understood backwards, but has to be lived forwards: the story about Søren Kierkegaard]*. København: Gyldendal.
- Ward, P. (2002). *Liquid church*. Carlisle; Peabody, Mass.: Hendrickson Publ.
- Wyller, T. (2006). Heterotopisk diakoni: Diakoni i spenningen mellom kall og profetisme [Heterotopic diakonia: The place of diakonia as related to the tension between vocation and profetism]. I: R. Jensen, D. Thorkildsen & A. V. Tønnessen (red.), *Kirke, protestantisme og samfunn: festskrift til professor dr. Ingun M. Montgomery* (s. 309-323). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Wærness, K. (1987). On the rationality of caring. I: A. S. Sassoon (red.), *Women and the state: the shifting boundaries of public and private* (s. s. 207 - 234). London: Unwin Hyman.
- Østerbø, S. (2007). *Mer enn en kirke: en studie av forholdet mellom religion og nasjon i sjømannskirken i New York*. Upublisert masteroppgåve i religionsvitenskap, Universitetet i Bergen.
- Aagedal, O. (1988). Galleriet som vart vekke. I: O. Aagedal (red.), *Rapport frå bedehusland*. Oslo: Samlaget.
- Aagedal, O. (2007). The Norwegian seamen's church as a national symbol: an essay on migration, religion and national identity. I: I. Furseth & P. Leer-Salvesen (red.),

*Religion in late modernity: essays in honor of Pål Repstad* (s. 55-68). Trondheim: Tapir Academic Press.

Aasbø, R. (1999). Kirke hjemme helt borte? En artikkel om Den norske kirke i Norge og i utlandet. *Ung teologi*, 51-59.









Sjømannskyrkja/Norsk kyrkje i utlandet får mykje ros for arbeidet sitt for norske i utlandet. Det kan synast som om kyrkja i utlandet vert vurdert mykje meir positivt enn kyrkja ”på land” av dei som har kontakt med kyrkja. Rapporten er basert på eit mindre forskingsprosjekt om Sjømannskyrkja som diakonal organisasjon finansierte av Sjømannskyrkja og Det norske Diakonhjem og utført ved Diakonhjemmet Høgskole. Oppdragsgjevarane spesifiserte to føremål for prosjektet: at det kunne bidra til 1) betre å forstå Sjømannskyrkja som diakonal organisasjon på ein måte som kunne hjelpe organisasjonen til å vidareutvikle eigen praksis, og 2) vurdere kva Den norske kyrkja «på land» kan lære av Sjømannskyrkja med dette utgangspunktet.

Materialet til rapporten skriv seg i hovudsak frå feltarbeid gjennomført på fire av Sjømannskyrkja sine stasjonar, i København, Rotterdam, Arguineguin og Pattaya. Perspektiva som er lagde til grunn i rapporten, er i stor grad henta frå det verdidokumentet som Sjømannskyrkja har utarbeidd, og som er meint å representere dei «kjerneverdiane» organisasjonen baserer den daglege verksemda si på. På den måten er rapporten til ein viss grad ein evalueringsrapport. Men siktet er vidare, og rapporten er også meir generelt eit bidrag til analysen av Sjømannskyrkja som religiøst forankra velferdsorganisasjon.

Forfattern er professor i diakoni og profesjonell praksis ved Diakonhjemmet Høgskole.

Diakonhjemmet Høgskole har røtter tilbake til 1890, og er en virksomhet under stiftelsen Det Norske Diakonhjem. Høgskolen har 2200 studenter og i underkant av 200 ansatte, fordelt på avdeling Oslo og Rogaland.

Diakonhjemmet Høgskole skal utruste til tjeneste i samfunn og kirke, nasjonalt og internasjonalt gjennom utdanning og forskning. Høgskolens faglige fokus er diakoni, helse- og sosialfag.

Formidling er en viktig del av samfunnsoppdraget til Diakonhjemmet Høgskole. Denne rapportserien skal bidra til dette ved å skape dialog med praksisfelt og samfunn. I tillegg skal formidlingen bidra til at FoU-resultater blir omsatt i praksis.